

Inspirerer i nord, irriterer i sør? Av Finn Myrvang
«Håløygminne» 1 - 2019

Håløygminne fyller snart hundre! Med tanke på alle tidsskrift og bladtiltak som har kome og gått, er dette eit under, særleg i nordnorsk kontekst. At planen var å skape innsikt i og interesse for alle sider av nordnorsk historie var klart frå aller første årgang. J. Qvigstad deltok med "Eiendoms- og jordbruksforhold i Troms fogderi i eldre tid" og forsynte bladet med avskrifter av historiske aktstykkje år etter år. Hans samlingar av samiske stadnamn kom seinare, i 1935 og 1938.

Sjølv opplever eg 2018 som eit lite merkeår i forkant, av di mitt første stykke i Håløygminne kom i 1958 og var om stadnamn frå min heimstad Bø på Andøya. At det berre skulle tulle på seg seinare kunne eg ikkje ane då. Med tanke på kva J. Qvigstad utretta blir det litt surrealistisk når skriftstyraren før 100-årsjubileet spør meg: "Korleis har kjennskapen din til samisk språk i seinare år ført til nye og endra tolkingar av samisk forhistorie t.d. ute ved kysten og på øyane?" Dette er det uråd å svare tydeleg på, slikt ser ein berre i glimt. Langt oftare tenker ein på alt det som står ugjort, men premissane for det ein rakk kan alltid nemnast.

Frå forstan tid var eg mest oppsett på å vise at våre heimlege stadnamn var like rotnorske og norrøne som desse lenger "sør i dalom". Ikkje berre voks eg opp i eit norsktalande miljø (med nynorsk skolemål mesteparten av min barndom). I ettertida har kompetente hjelparar heller ikkje funne eit einaste samisk innslag i mi slekt, og eg har

aldri vore medlem av lag og lyd på samisk side. Liksom dei fleste fekk eg tvert imot inn med morsmjølka at våre grender var heilnorske. At det fanst tradisjon om ein og annan reinfinnen (-samen) var så, dessutan forstod eg jo at både den og den som var dugande småbrukar, fiskar og sjømann hadde samiske røter, men alt dette var liksom "unntakene som bekreftet regelen". Folk spurde heldigvis meir etter personlege eigenskapar enn rase. Etter som interessa tiltok, auka likevel også kjensla av at dei norrøne forklaringane i mange tilfelle var utilstrekkelege og at kunnskap om samiske toponym ville utvide horisonten.

Ein del av svaret på det redaktøren spør om vil vere, at der iallfall etter kvart er blitt aksept for at Åmd som gammalt namn på Andøy-området er lettast å forstå i ein samisk kontekst. Vidare at mine tolkingar av enkelte gardsnamn i øyriket som samiske er blitt tatt på alvor i nyare bygdebøker. Det er òg oppmuntrande at folk frå andre bygder i fylket med eller utan samisk bakgrunn - kva veit eg - ikkje sjeldan har sendt spørsmål om stadnamn o.l. som dei trur er eller kan vere samiske. Med åra er det blitt ikkje få namneartiklar i årbøker, rundt om i Nordland især. Dei som har bede meg om stoff, har aldri ytra at eg burde styre unna det samiske! Min "ekspertise" (komisk ord for den balar med å tyde det uforståelege) er blitt å spekulere meg fram til kva som skjedde med samiske namn når nye og norsktalande slekter ikkje lenger forstod dei. Ettetida vil korrigere meg.

Knapt nokon med nordlandsk bakgrunn har ytra at "her hos oss finst det ingen samiske namn", det ville vere jamgodt

med at "vi har ingen av samisk ætt i vår bygd". Dette gjeld også potensielt samiske stadnamn frå Lofoten og er ikkje så rart, når der fram til vår tid har vore tradisjonar om gammal samisk busetting i visse Lofot-fjordar. Skepsisen kjem heller frå sørlegare landsdelar, for Lofoten burde jo aller helst halde fram med å vere eit heilnorsk ikon: "Se Lofotens vilde kav hvor klipper stande midt i hav".

I mi levetid har det kome til ei stor mentalitetsendring når det gjeld det samiske. Der besteforeldra vanlegvis heldt for seg sjølve kva dei visste om slike innslag i slekta, er dei unge tvert imot sterkt interesserte i å finne ut korleis det eigentleg hadde seg med dei ting. Slik sett har eg nok opplevd at det eg har kunna påvise - av samiske innslag i stadnamna rundt om - har vore med på å inspirere til auka lokalhistorisk innsats, men når dette er sagt, går eg heller over til det som spissformulert kunne kallast bakgården i sør:

Kring årsskiftet 2017-2018 vart det i fagbladet Forskerforum skrive ein del om såkalla fagfellevurderingar, av di det ikkje er måte på kva kompetente forskarar og fagfolk kan få seg til å skrive anonymt, utan fagleg underlag. Essensen i eitt tilfelle var: "Denne artikkelen er ikke god nok. Skriv en annen artikkel. Gjerne en som henviser til mitt arbeid eller som har et innhold som jeg er enig i". Aha, tenkte eg, eit nytt akademisk utslag av Janteloven.

Dei som har halde Håløygminne lenge, vil vite at eg for kring 25 år sidan hevda at det finst samiske namn i kvar ei

bygd, også sør i landet. Småstykket om dette har eg ei handfull gonger – delvis etter oppmoding – sendt til "sørlege" årbøker og tidsskrift, men har fått talande togn som tilbakemelding.

Heldigvis er der eit par unnatak, som då eg tok for meg eit gardsnamn frå Austlandet som synest vere sms. av samisk og norsk. Konsulentfråsegna imøtegjekk ingen ting i artikkelen, grunngjevinga for avvisinga var denne: "Å tolka gamle bustadnamn eller andre nedervde stadnamn i Østfold på grunnlag av sørsamisk språktilfang er oppsiktsvekkjande. Korkje Oluf Rygh, Kåre Hoel, Tom Schmidt eller Margit Harsson, som alle har publisert omfattande studiar av bustadnamn frå dette fylket, baserer tolkingane sine på sørsamisk språkmateriale eller påverknad frå sørsamisk språk. Som grunnlag for å hevda at det finst gamle bustadnamn i Østfold med opphav i sørsamisk språk, trengst det langt meir omfattande og fagleg gjennomarbeidd grunngjeving enn det som er lagt fram i det nemnde manuset. I argumentasjonen bør ein bl.a. dra inn parallelle namn frå same området som kan underbyggja påstandane, og ein bør visa til historiske og reale tilhøve som kan sannsynleggjere slike tolkingar".

Eigentleg står det vel at når forskar A, B, C og D ikkje fann noko som peikar i samisk lei, skal ikkje E komme og påstå noko anna! Å starte i det små og ta for seg *eitt* namn duger ikkje, tanken på samisk er så oppsiktsvekkande at artikkelforfattaren først må varte opp med med argument frå sørsamisk historie. Andre fagområde må levere kardinalargumenta, då kan stadnamngranskinga trø til?

At ingen av dei fire namnegranskarane som fråsegna namngir har kome inn på sørsamiske innslag er rett, men garantistar for den snåle argumentasjonsmåten er dei no ikkje! Tom Schmidt står framleis på for å fullføre Kåre Hoels arbeid "Bustadnavn i Østfold". Margit Harssons "Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen" vart derimot ferdig i 2010 og bygger på granskingane til dei to førstnemnde især, men sjølv sagt òg på Oluf Ryghs "Norske Gaardnavne" (NG).

Eitt er å hevde at det finst mange samiske stadnamn i sør, noko anna er å finne eit høveleg utval. Det slo meg at Harssons leksikalske arbeid (fork. *Rud-leks.*) ville gje grei avgrensing: Det dokumenterer skriveformer for rud-namn som eg freidig har gjort meg nytte av i oversynet. Rud-leks. gir ingen historieleksjon(!) men seier i ei kort innleiing bl.a.: "*Rud*-namna høyrer som namnetype heime i perioden 1000-1350, dvs. dei fyrste hundreåra etter innføring av kristendomen i Norge, ei brytningtid då ulike åndskulturar sto mot kvarandre". Her føyer eg til: Samisk åndskultur må òg i høg grad ha gjort seg gjeldande, for det var berre dei austnorske kristenrettane som forbaud folk å vitje samane for å la seg spå!

No er det naturleg å tru at ein så jordbrukstypisk namnekategori som rud-namna ikkje kan ha noko som helst med samar å gjere, men dette kan vise seg å vere ei feilslutning. Det fanst både fjell-, skog-, elve- og sjøsamar på den skandinaviske halvøya, og liksom andre valde dei levevis i samsvar med ressursane. Kva er då premissane for

at berre norsktalande kan ha vore med i nyrydjinga?
Påfallande er at Rud-leks. setter det temmeleg utbreidde gardsnamnet **Kåterud** i samband med både persontilnamn og med norr. *kot* n "lite hus, hytte", men ikkje nemner no.-sv. *kåte*, *kåta* lik sørsam. gåetie (guote, koahte). At kåte for gamle er ukjent for ein norskfilolog er usannsynleg, så korleis skal ein tolke utelatinga?

Rud-leks. er "ovlojalt" mot tradisjonen med personnamnbaserte gardsnamntolkingar frå Rygh si tid. I det flg. vil eg på basis av opplysningane i same leksikon, kombinert med andre stadnamn og tilgjengelege data frå dagens kart og flyfoto, freiste få fram at namnebruken truleg går på landskapet langt oftare enn det ein hittil har tenkt seg og ikkje fullt så mykje på kven nybrottsfolka var. - Mi enkle framstilling tar utgangspunkt i dei eldre skriveformene i nemnde leksikon så vel som til *uttale*-opplysningane der slike finst, men utelet aller oftast personnamn-baserte namnetolkingar som er velkjende frå før (NG og Rud-leks.) Derimot er evt. røringpunkt mellom namnebruken i sør og nord framheva, rett som det er.

Abberud, gard i Ås, ligg på ein haug som er bratt både mot vest og nordaust. Høgda tett aust for husa er endå brattare. Sørleg sørsam. *abpere* vil seie "kant", m.a. om elvebreidd el. helling ned til elv; *abpere* er òg predikativ form av *abperes* adj. "bratt". Tolka slik kunne namnet rettare skrivast Abberud.

Ankerud i Marker og **Hankerud** i Flesberg ligg begge på små høgder. I begge tilfelle er det sannsynleg med *l*-bortfall

framfor *r*, om lag som når ranværingar o.fl. seier gurrot og kårrot, slik at ein derfor tør gå ut frå sørs. *anghkele* "høgd, forhøyning". Umotivert framlyd *h* er uviktig, i nord blir anghkele tidt fornorska til "Handkle-", ja både sør- og lulesamisk opererer med dobbelformer av mange ord, dvs. variantar med og utan *h*-.

Ankcaltrud i Nordre Land går for "Anchaltrudt" 1647, men *-t-* er ikkje med i 5-6 belegg som er eldre (Ankcalrudhy ca. 1390). Garden ligg på ei lita høgd, og sørs. *anghkele* "høgd" høver, men i sml. med Ankerud framfor går dagens uttale vel så godt i hop med deminutiv *anghkeladtje* "lita høgd", i noko omkasta form.

Alkerød |*ætk(e)rø*| i Berg i Halden har mellomnorske skriveformer på *Arka-*. Garden ligg i opningen av ein dal mellom åsryggar, og grei meining gir sørleg sørsam. **åarka* "dal med furu- og bjørkeskog", merk også *åarkodh*, *håarkodh* v. "hogge av" (greiner, busker m.m.). Eit rudnamn med litt action i, kunne vi seie.

Asgjerrud i Ski og i Trøgstad er tolka som ei sms. med mannsnamnet Asgjerd, men av uttale kan det like snart vere *assje-* + *r* frå sistelddet *-rud*. Leddet *assje-* går att i mange namn der sørsam. *aesie* "(skogkledd) ås" høver topografisk, men opphavleg er ordet lånt frå nordisk.

Balterud i Aurskog-Høland og **Balterød** i Fredrikstad ligg begge i/under åsar med lange skråningar (lier), dvs. sørsam. *baelhtie* "bergside, fjellside" passar. Det er er òg lærerikt å samanlikne med nordnorske namn

som Balten i Lenvik, Balteskardet i Skånland og Baltahaia i Vestvågøy.

Bóserud i Kongsberg ligg ved ein bekk ut mot det breie Bóserudneset (Hvålsneset), som ein sving i Lågen lagar, og der det er eit stort søkk med eit "blindt" bekkefar som likeins fell i Lågen. Bekk og bakkar i lag "bolkar" elveneset av. Buserudhøgda ved **Buserud** i Flesberg er eit liknande naturleg stengsel, medan Buserud i Kongsvinger er ein fastmarkstrimmel, naturleg isolert av Glomma i vest og stor blautmyr i aust. Ein gl. sætervoll Buserud i Hol (Hall.) er avsett litt slumpesamt på kartet, men ei eller anna "kvi-krå" i åssida kan vere poenget der.

Buse-, Bóse- liknar *buutsë* for *boatsoe* "tamrein" (oslo 161), topografisk også *boaddse*, *poaddse* "naturligt hinder, såsom vattendrag, berg, branta klipper o.d. som hindrar renarna frå at bege sig bort i en viss riktning" (Korh.: *boadz'ze*). Det siste høver lydleg endå betre for Båserud i Skien og Båserud i Rakkestad, men der er både sam. *boaddse* og no. *bås* m noko usikkert, topografisk sett.

Bylterød i Vestby er kalla "j Botildarudi" år 1400, men ei rad seinare skriveformer især frå 1500-talet viser variantar av **Belte-**, medan yngre **Bylte** må sjåast i lys av -rø(d) i sisteleddet. Trulegare er at sørsam. *boelte* li, område med lauvtre" ligg til grunn, Qv 114. Ordet er òg skrive *buoltë*, *buolde*, *puolta*, *puöлта*, *puæлта* (Jemtland), og det er ikkje vanskeleg å forstå at den som høyrde noko slikt som *Boelde-*, oppfatta det som Bo(d)elde = Bo(d)hilde, gno. *Bóthildir*: Ein veldig bra illustrasjon av kva skrivekunnige

norsktalende kunne få ut av samiske namn.

Dauerud i Lier ligg på ein nærmast fiskekrok-forma rabb, og tilsvarande form har innmarka. Skriveformene frå 1500-talet og utetter går ut på Doue-, Doffue-, Dofue-. Sørsamisk ord for (pil)boge er *davhkese*, ganske ulikt lulesam. *juok'sa*, men i nordsamisk heiter det *dávgi*, og merkverdig blir det då å jamføre med den bogeforma fjellkanten *Dauen* i Tingvoll, og med *Daugstad* i den like bogeforma Tresfjorden i Vestnes (MogR). Garden *Tau* (Rogaland), kalla "a Taufuer" i 1389, "Taugir" 1427 og "af Thauwgh" 1463, vender ei fint bogeforma strandline mot Krossvatnet i aust. Endeleg kan nemnast *Taugstad* i Sør-Odal, som ligg ved ein stor bøyg i Glomma. Som vi ser, her er både likskapen og skilnadene gåtefulle.

Dauerud med uttale |"dæuæru| liknar ikkje reint lite på eit gardsnamn i Aremark, |"døuwæru|, |"dæwæru|, skrive **Dau-** og **Dauge-** på 1500- og 1600-talet, men der vart det etter kvart **Dagerud**. Her er det likevel etter terrenget meir sannsynleg at det er sørs. *deava* "bakke, haug" som gir seg til kjenne.

Dengerud |"dænjæru| i Ål (Busk.) er eit avstikkande namn, men gardsvaldet er uregelmessig med store og små ryggar og "rukker". Venteleg har namnet ikkje det grann med dengsle å gjere, men er ei omlegging av sørleg sørs. *deemtjedh*, "presse saman", noko som karakteriserer landskapet framifrå.

Dullerud heiter gardar i både Hobøl og i Biri, Gjøvik.

Begge ligg dei avsides og litt høgt, likeins **Dulleklev** i Marker. Om gammal buplass ymtar visst også namnet **Dullebråteåsen** i Modum. Fullgod meining gir det påpeikande sørsam. *duvlie* "der borte, der oppe", som også i sørsamisk uttale kan tape innlyden -v- (Has. I: 473). Slik sett kan Dullerud-namnet samanliknast med t.d. *Opperud*.

Fislerød i Skien er i norske øyre eit namn utan velklang. Like fullt vil sørsam. *vietsesles*, *vietjeles* (om ei bygd) seie "triveleg", predikativt *vietsese*. Vi noterer oss òg at "die Grenzen zwischen Adjektiven und Substantiven, sowie zwischen Adjektiven und Adverbien sind fliessend" (Has. I: 105). Freistande er å nemne at tolkinga også fungerer veldig bra for Fislevig i Arendal og for Visli i Tokke.

Fjulsrud er ein gard i Hole (Busk.) Margit Harsson skriv: "Fjulsrud ligg berre nokre hundre meter frå innsjøen Tyrifjorden, og slik kunne ein tenkje seg *fjorðr* m, i genitiv *fjarðar*- 'fjord (også brukt om innsjø)' som forledd. Om dette er rett, må ein forklare forleddet *Fjuls*- med sekundært utvikla *s*-genitiv. Ei slik endring, frå *ar*-genitiv til *s*-genitiv, er kjent frå sein gammalnorsk tid, og særleg gjeld det hankjønsord som til dømes *vetr* m 'vinter' med genitiv *vetrs*- (Indrebø 1951: 235). At den eldre genitivsforma *fjarðar*- etter kvart er blitt erstatta av genitivsforma *fjorðs*-, ser me av uttrykk som *til fjords* og *midtfjords*» (Rud-leks. 160f).

Dette stemmer, merk *fjuvle* (Stensele, Snåsa) just i tydinga "Fjord, Meerbusen" (Has. I:495), også skrive *fjuulë* og sett på som eit ungt innlån i samisk (oslo 56). Same forledd har

vi, trass i ulik skrivemåte, i *Fiulstad* i Rygge, som vender mot Vannsjø, nærmast i overgangen mellom Vestfjorden og Årvollfjorden.

Flikkerud i Nord-Odal, så vel som Flikka der og andre stader, svarar i flg. NG til ei eldre form *Flikkar, fleirtal "af et ubekjendt Ord" - men det er sannsynleg vis sørs. *pliehkje* (= *plæhkje*) "tørt, flatt landskap" eller "mindre skogløs slette". Det høver for flatlandet mellom Flikkerudneset i vatnet Råsen og sjølve garden Flikkerud. Samsvaret nordisk *fl* og sørsam. *pl*, er regelrett, eit litt anna spørsmål er om *pliehkje* i si tid kan vere henta frå nordisk?

Fluerud er ein gl. buplass i Skedsmo, i myrlende med eit par grunne tjønner. Også her har vi visst eit tilbakelån, dvs. *flue* som fornorsking av sørs. *pluevie* "myr", i sin tur låneform av norr. *flói* "vid og grunn vassamling". Det høver òg for Fluettjern i Marker og Ringerike, og for pyttane ved åsen Fluern i Oppdal.

Fonkalsrud på Ringerike ligg tett oppunder og i le av den avrunda, vide Fonkalsrudkollen, med ein høgare, men ikkje fullt så regelmessig kolle austafør. Funke- kan føre tankane i retning av sørsam. *voenge*, utlagt "fjellstrekning som i en sirkel; rekkevidde (hvor som helst); nærhet, nærmiljø". Meir konkret minner det om fjellnamnet **Fongen** på grensa Selbu-Tydal, likeins om **Fongberget** i Levanger, men naturlegvis mest om Norde og Søre **Vonkalshaugen** i Elverum, for på den sist nemnde staden er den søre haugen "nydeleg" avrunda.

Fonkals-, Vonkals- er helst sms. av *voenge* + no. *hals*, for det stemmer framifrå med topografien. Likeins ligg området **Fonken** ved Fonkebukta - Fonkeneset i Store Le (Aremark) nær ein nokså avrunda, ca. 153 m høg ås. Også der blir det truleg tale om ei høgdenemning. - **Funkerud** i Spydeberg er ikkje omtalt i NG, men også der er kollar og knollar nok, i nærmaste omkrins.

Forkerud |"fòrkøru| i Grue ligg framved Gardsjøen, ein sær oppgrynt meander frå Glomma, eit anna **Forkerud** frammed Nessjøen i Eidskog. Eit tredje Forkerud er underbruk til gnr. 32 Dal i Eidskog og kan vere eit yngre namn.

Uttalen Førke- i dei to første tilfella minner klart nok om **Faavrehke**, eit fjell i Åre, Jemtland, sek. Faavrehkendurrie og -jaevrie, i anna skriveform *Fáurëkë* og *Fáurëkën-tjonnë* (oslo 55). - Faavrehke (*Fáurëkë*) er avleiing til sørsam. *faavroe* (fáu'ró) *fager* < gno. *fagr*, urnord. **faǵru*. Namnet frå Jemtland samsvarar ikkje berre med Forkerud, men også med Forketjern (Nes i Hallingdal) og Forkeneset (Finnøy), medan Faurli i Suldal og Kvinesdal minner like klart om fager i sam. låneform *faavroe* (fáu'ró). Faur- er neppe ei norsk dialektform av Fager- .

Fosterud i Ås ligg i lange, ovbratte bakkar på vestsida av innsjøen Årungen, så det er nærliggande å tenke på sørs. *vuosta*, *vuosto*, *våaste* osv. "motbakke". Det er ei tolking som òg passar for namn som Fosterdalan i Rana, Fosternes i Vindafjord og Fosteråsen i Drangedal, for berre å nemne nokre.

Foterud eller meir uttalerett **Fauterud** på Øvre Eiker ligg i framkant av ei vid skogstrekning. Det gir god grunn til å tenke på ei sørsamisk ord som må svare til lulesam. *vuovdde*, nordsam. *vuovdi* "skog". Dette kunne nok også vurderast i samband med **Futerød** i Glemmen, Fredrikstad. - **Futfjellet** i Bjugn er snautt, men fjellfoten har skog, og i Vefsn er der skog kring **Futfloget**. I Bindal er **Flofuten** ein bergrygg med små vasspyttar og skog. **Borkhellarfuten** på Hennes i Hadsel er likeins eit skogområde, og vidare viser **Futrikelva** i Tromsøysundet mest sannsynleg ei endefram uttaleforvansking av **Futrygg-**, dvs. "skogrygg-".

Formene på Faut- samsvarar med tendensen til at sam. *-uo-* blir uttale-realiserert som norsk *-au-*, eller omvendt. Elles er no stadnamna på Faut- altfor talrike, så vi nemner berre skogneset **Fauten** som stikk ut i innsjøen Hallangen i Aurskog-Høland. Forenklinga *Fut-* er på si side lettfatteleg når vi ser at det samiske ordet også kan skrivast meir uttalerett som *vuou'te* med triftong *-uou-* (oslo 253).

Fukkerud Øvre Eiker og **Fokerud** el. **Faukerud**

|"fæukæru| i Rødenes i Marker er topografisk like, på det vis at det begge stader finst litt korte, bratte smådalar, sørs. *foehkeke*, med annan skrivemåte *fuopkë* (oslo 57). Vi har med same ordet å gjere i **Fukdalen** i Vestvågøy og **Fukhamran** i Nord-Aurdal.

Galgerud ligg tett ved Lenaelva, Østre Toten: No er Galge-, Galje- eit fleirtydig namneledd, men nærliggande tyding her er sørsam. *galkije*

straum i elv el. bekk, jf. også *galkije johke* rennande bekk. Vi kan sml. med Galjehaugen tett ved elva Augla i Sør-Fron som det går bru over (som på Galgerud), vidare Galgebakken ved eit sund i Langvannet i Rømskog, og Galgebakken ved elva Lygna i Hægebostad. Eit trøndsk døme er Galgsøya i Steinkjer, med ei trongt sund innom.

Galterud er eit gardsnamn kjent frå både Hedmark, Oppland og Buskerud, og i samband med Galterud i Sør-Odal peikar Rud-leks. på at garden ligg ved ei elv (Galtbekken, Galttjennsbekken), som kjem frå Galttjern: Det slår ein at det renn talrike små bekkar inn i tjernet, merk sørsam. *gaaltije* "kjelde, oppkomme". Ved å resonnerer såleis finn ein raskt at både Galterud i Åsnes, Lillehammer, Øyer og Drammen ligg ved kjelde(bekkar). Det gjer også garden Galten i Engerdal, men særleg nydeleg utstyrt med kjelder er fjella **Galten** i Bykle og i Sortland (Sigerfjord): På toppen av det siste ligg Galtvatnet. Også Galtvatnet to stader i Steigen og ein stad i Eide (MogR) er det vi kunne kalle høgtliggande (primær)kjelder.

Elles blir visseleg mange andre Galt(e)-namn, brukt om høgdeformasjonar i hav og på land, å tolke til sørsam. *gallte, gollte*: kort stakk, klamp, kubbe (Mankok).

Garterud i Lørenskog (unemnt i NG) ligg ved Mønevannet rett overfor garden Finnland, og på austsida av Garterudberget fell Losbyelva ut. Bruket ligg inneklemt, mellom fire tronge skard. Ein kan tenke på sørsam. *gaertie* "reingjerde", men betre meininga gir kanskje *gaertjie*

"trong". Her må nemnast at **Garthus** i Sør-Aurdal ligg ved eit svært trongt parti i Begna, og at Gartesundet ved garden Garte i Risør òg er snevert, så vel som vassfara ved garden Garta i Arendal, med Gartesundet medrekna.

Gauterud i Gjerdrum og i Re (der berre ein skogteig), **Gauterød** i Tønsberg, **Guterud** i Nore og i Rollag (no del av garden Kleivan), så vel som **Gutterud** i Flesberg og i Krødsherad, skulle etter uttale- og skriveformene ikkje ha mykje sams. Likevel ser vi eit topografisk mønster: Det er tale om langstrekke, gjerne smale og fuktige senkningar, ofte myrstrimlar - somme stader oppdyrka - med små vassamlingar i. Lendet er likeins på stader som Gutteberg (Vang i Hamar), Gautedal (i Gjesdal) og ved Gautehaugen i Nord-Aurdal og i Øystre Slidre.

Kanskje ikkje så lett i kople dette med Konrad Nielsens *guow'dâ* "lokalitet [med vekstliv av ulike slag og] hvis omgivelser er av annen slags" - men meir lydrett skrivemåte *kuou'ta* (oslo 104) syner at både diftongering > *au* og ei forenkling *uou* > *u* vil kunne skje. Elles veit vi ikkje om gardsnamnet Kauterud i Skiptvedt utan vidare bør reknast med - merk også nordsam. *Guovdageaidnu* (Katokeino) "midtvegs" med sørsam. *goevtegeajnoe* i same tyding.

Gillingsrød i Råde i Østfold ligg lengst vest mot innsjøarmen Borgebunn, slik **Gillingsrud** i Trøgstad ligg lengst vest mot innsjøen Øyeren. Gilling- svarar til sørsam. *jillege*: i vestleg lei, "vesterut". Ein parallell til dette er **Gilling**, Gylling som norrønt namn på Straumøya i Salten,

med garden Gillesvåg (af Giællingswage AB) innafør, i botnen av den skjerma Fjellvika, som nok er det historiske Gillingsvåg. Her er underforstått at Godøya ligg på austersida og Straumøya på vestersida av det ein kunne kalle Saltstraum-kjeften.

Gimsingrud (nordre, søndre) i Båstad sokn i Trøgstad er gardar som ligg på ei flate som på vestre sida går over i grunne erosjonssøkk, i kant mot ein djupare bekkedal. Dette kan synast å vere ei utviding på *-ing*, *-ege* av sørsam. *giemsie* "en liten forhøining på en fjellskråning; Hügel, der in einer Furche steht" (Qv 291 o.a. frå Vefsn); *kiemsie* "ebenes, flaches Gebirgstal" (Snåsa), òg i formene *käm'se* "en inklämd plats nedanför en fjällsluttning med gräs på botnen" eller i Arjeplog: *gäm'se* "ett mera slätt men stenigt land" (oslo 85).

Så langt mesta topografiske særtilfelle, likeins sørsam. *giemsie* "liten senkning høyt oppe i fjellet (hovedsakelig i bratte snøbreer)". Meir allmenne tydingar har *giemsedh* "senkning i fjellet" (= *giemsat*, Qv 290), så vel som *giemsedh-durrie* "dal omgitt av bakker rundt om" = *giemsot-durrie* (Qv 290). Dette siste passar godt nok for Gimsingrud. - Øya **Gimsa** i Bindal er låg og bergfull, men husa på garden ligg i eit grasgrodd og grunt søkk (ei svakka). **Gimseskogen** på austsida av Gjerdøya i Rødøy er eit grunt søkk med skog, i eit snaufjellområde. **Gimsan** i Orkdal og især **Gimsan** i Melhus har søkk som er noko meir markerte.

Glomsrud i Eidsberg og **Glomsrød** (Glømsrud) i Halden

er begge i Østfold, jf. også **Glomsrud** i Gol i Buskerud. Landskapet på alle tre stadene er slik at både sørsam. *kloemese* "grop" og *klåemsie* "rund bøyg inn i fjellet" gir meining, men etter uttalen og terrenget passar det første best.

Eit anna ord er *glum* m. liten, trong og mørk (del av) dal; gjel, juv (NO 4: 431), jf. her sørsam. **kluomë** "något som slutar inåt» (oslo 121): Det kunne passe for lokalitetar som Glom i Fyresdal, Glommen i Bykle og i Meløy, Glømdalen eller Glumme i Bindal, Glømmen i Brønnøy o.m.a.

Grefsrud, Grefsrød heiter ei rad gardar og lokalitetar i Buskerud og Oppland, Akershus, Vestfold og Østfold. Terrenget alle desse stadene fortener merkelapp *graihpie* eller *graihpies lanta* (Qv 335), "humpet landskap", òg skrive *graihpo*, *graajpie* (Hasselbrink) = *kraejhpie* (Bergsland). Det høver også for **Grepperød** i Våler og for **Grepperud** to stader i Høland, dessutan for **Greipstad** i Hillesøy og **Greppslia** i Lenvik.

Gråterud i Drammen ligg i tettbygd strøk. Ein gard med same namnet i Hurdal ligg ved Hurdalselva. Begge stadene er terrenget endra av vegbygging etc, men søkk i lendet er framleis tydelege. NG kjem inn på kva namnet tyder i samband med **Gråtneset** i Rana: "Oftest maa vel saadanne Navne opfattes som "nedsættende Navne" ... betegnende et daarligt Levested. Undertiden kan de dog maaske ogsaa sigte til enkelte sørgelige Begivenheder. Jfr. ogsaa Graataanes i Beieren".

Nå ja, Gråten som terrengnemne er altfor utbreidd til at dette er rimeleg, det er nok tale om sørsam. *gråhtjoe*, *kråhtjoe* smal liten dalgang, lita kløft. "Minidal" kan vere dekkande, men ordet blir også nytta om område som har mange slike fører (renner), jf. *røhčō* og *grøhčō* (Qv 717) og nordsam. *rohči* innsnevring, d.e. samantrengt parti av elv eller dal, lulesam. *råhtje* "avsmalna, trong dal" (iblant steinut). Hankjønsordet "gråt" har limt seg til og omskapt det sørsamiske ordet, som i ei mengd andre terrengnamn òg har fått ei pussig sms. form på *Gråtar-*.

Gubberud (sj. -rød) som gards- og buplassnamn o.l. er kjend frå kommunar i Buskerud, Oppland, Hedmark og Østfold. Gubbe- kjem nok av sørsam. *guhpie* "bratt skråning hola ut av vatn" og går på ymse slag groper og minidalar. Dette er lett å sjå på karta. Lule- og nordsamisk form av ordet er *gáhpe*, *gohpi*.

Gullerud (sj. -rød) som gards- og buplassnamn er kjent frå Buskerud, Oppland, Hedmark, Akershus og Østfold - Vestfold. Sørsam. *gullå* tyder snevring mellom to berg, lita kløft der du vanskeleg kjem deg opp eller ned, = *gullå-raigie*, med normalisert rettskriving *golle*. Vi ser fort at dette stemmer for Gullerud-namna, slik det gjer for den gamle bygdevegen gjennom Gullberget på Fjærvoll, Bø i N.

Når det gjeld namnet Gullbekken, så vel som Gullvika o.l., må vi derimot ha in mente det samiske ordet for fisk, frå sør til nord *guelie/guolle/guolli*.

Gusrud l'*gus*-l Kråkstad i Ski ligg inneklemt mellom åsryggar, og pga. terrenget og farvegane må nemnast særleg sørsam. *geävdse*, *geavtse*, definert på fleire vis. Kortast: "fjellkam mellom to fjell", "passovergang mellom to fjell", "långsträckt sänka i fjällets rygg (som sålunda synes på långt håll och där det är lättast att gå över)", også skrive *keu'tse*, *käut'se* (oslo 84). Overgang til monoftong *u* som her er vanleg nok, men ikkje hovudregelen. Interesserte kan sml. Gausdal i Bakke i Flekkefjord med Gussdalen i Orkdal, og Gusefjellet i Songdalen (Agder) med Gusgården i Norderhov, Gaustad i Onsøy med Gustad i Bø i N. osv.

Gåserud og til dels **Gåserød** som gards- og buplassnamn finst det over dusinet av, frå Østfold, Vestfold, Hedmark, Oppland og Buskerud til Telemark. Ståande forklaring er at det "truleg" kjem av det gno. mannsnamnet *Gási*. Neppe å stole på, når meir vanlege norrøne mannsnamn er langt dårlegare representerte i rud-namna. Statistisk resonnert er det heller eit meir allment ord som her gir seg til kjenne, jf. sørsam. *goese*, "gran", i særleg form også *koese*.

Lulesam. *biehtse* og nordsam. *beahci* er "furu", og ein kan hyse liknande tankar om namnet **Besserud** (og Pisserud), som liknar sørsam. *bietsie* (*pehtse*, *pähtse*) "furu", men også *biessie* "never". Dessutan er truleg mannsnamnet Bessi i dette tilfelle eit noko meir sannsynleg alternativ enn *Gási* når det gjeld Gåserud.

Gåsterud (Gasterud 1657) i Ål i Hallingdal er eit eineståande namn. Gåsterud i lag med Rikansrud (s.d.) har talrike djupe skard eller troer nedetter fjellsida der det truleg renn kald luft, jf. sørleg sørsam. *goestedh* "iskald vind langs bakken", då også i forma *goesth* (nom. eintal av *goestege*) i same tyding.

Gåverud i Tinn i Telemark, unemnt i NG, har vel med sørsam. *gåvie* = *gaave* "krok, bøyg" å gjere, pga. bråe vegsvingar oppover fjellet. **Gåvetjønn** ein annan stad i Tinn står nok derimot i samband med at ei elv går i tverre krokar attmed.

Gåverud |"gåve-| el. **Goverud** i Vassås i Holmestrand finst i eldre skriveformer Gaffuerød 1593, Gaberød 1604, Gauffverød 1668 og Goufverøed 1723. Dette er litt sprikande, men svarar nok til **Gauvrerud** som namn på ein gammal buplass i Hjartdal, nær ein lang og bratt fjellkant: Sørsam. *goabroe-baektie* "hengeflog, hengeberg" passar, både her og i Holmestrand, med litt anna skriveform *kob'rē, kobre-pakte*, "en liksom uthålkad och hängande kant" (LÖ). Her kan vi óg sml. med tjønna **Kovre** i Tinn med bratte fjellkantar rundt, like eins med fjellsøkket **Kovran** i Rødøy. Goverud i Holmestrand har nok mist ein -r- pga. ny -r- i -rud, og eigentleg var det å vente at det same ville skje i Gauvrerud sitt tilfelle.

Haglerød |"hægtə-| i Hobøl er på grensa mot Våler. Forleddet Hagle- er grundig drøfta særleg av Tom Schmidt ("Bustadnavn i Østfold 1:116-119). Der er nemnt at J. Jakobsen (1921:272) frå

Shetland fører opp *hagl*, *hagel* som "(underordnet) grænseskel imellem dele av udmarken, sten opsat som grænseskel", og særskilt namnet **Hagla hwida** eller **de Hagel** om ein kvit skilstein: Gustav Indrebø stilla namn som Hagleputten og Hagletjern saman med gamle grenser. T. Schmidt har den språklege innvendinga at det ikkje finst teikn til ordet hag(e)l 'grensestein' i nordisk talemål elles, men kjem like fullt inn på at **Haglebråtehøgda** *lhæglə-l* i Rømskog ligg attmed riksgrensa, og eg skyt inn at på riksgrensa mot Russland i Sør-Varanger ligg **Haggelklumpen** (= meteorologisk *Čordnoaivi* "haglhovudet" på samisk). Då er det nok heller ikkje tilfeldig at vi nær skilet mellom Lesbesby og Tana finn vatnet *Čortnahanjávri*?

Også elles finn vi talrike, sterke vitnemål om at *hag(e)l* har med grenser å gjere: **Haggelen** heiter eit isolert skjer nærast djupålen mellom Helligvær og Lyngvær utanfor Bodø. Haglebunatten i Sigdal ligg ikkje mange metrane frå vår tids skil mot Nore og Uvdal. Hagelsundet er skilet mellom Lindås og Meland, Hagltjern (alt nemnt) ligg i skilet Østre Toten - Hurdal, og Haglåsen - Haglåsbecken ligg nær punktet der Drangedal, Gjerstad og Nissedal møtest. Vatnet **Heglingen** er også drege inn, i tidlegare drøftingar: Det ligg på Dovre nær skilet mot Folldal.

I godt samsvar med det shetlandske er at Haglebjøra på Hitra ligg i skil mellom delar av gnr. 82, at Haglehaug i

Drangedal er skil mellom delar av gnr. 68 og at det over Hagelsheia i Lindesnes går eit steingjerde mellom gnr. 10.1-2 og 10.3. Hagelneset i eit vatn i Agdenes er skil mellom gnr. 98 og 99. Det er tydeleg nok at namnekategorien må vere gammal og at lista over døme kunne gjerast lengre dersom vi kjente historiske grende- og bygdegrensar betre.

Her tar oversynet uventa retning: Garden **Agle** i Snåsa ligg tett sørom to smale og beine, delvis parallelle rabbar. **Agle** i Inderøy ligg i nordkant av ein lang og bein, ganske jambrei ås. (For Agle i Steinkjer er den topografiske samanhengen meir usikker.) **Aglen** i Namsos er ein gard i nordvest-enden av det lange, beine Aglvatnet. **Aglostøa** ved Brakstadleira i Fosnes ligg overfor Brakstadhammaren, som er enden på ein langsmal, bein rabb.

Agle-namna (dei på Hagle- like eins?) peikar mot sørsam. *aagkele*: mellomgolv, diaphragma. Slik òg tolkar Knut Bergsland "Akelz jaur" 1640 og "Akels Jauri" 1751, gamle skriveformer av norsk **Akersvatnet** ved riksgrensa i Rana (No.Stl.) Opphavleg vart vel ordet brukt om langsmale strukturar, for så å bli brukt friare om skilsettande landemerke? - Det er då mest likt til at også Haglerød i Hobøl, som har ein rar "enklave" på Våler-sida av skilbekken, høyrer til same kategori. I samisk vil det vere slik at at agel-, aggel- ikkje får endra tyding berre pga. ein tilkomen framlyd *h-*, jf. omtalen av Ankerud.

Hønsrud er gardsnamn i Ås (Akersh.) og Flesberg (Busk.), men vi finn mange andre lokalitetsnamn i nord og sør med førsteledd Høns(e)-, så som Hølseby i Sørøysund, Hølsebukta i Kvænangen og Hønsåkerdalen i Lødingen-Hadsel, og kring Hølsebekken nordom Bø på Andøya voks det tidlegare mykje forkrøpla vidje. Ordet *hिंगse* "ris, lyng" er einast kjent i sørsamisk, men må ha hatt langt større utbreiing. Namnet *Hensrud* fl. stader har etter gl. skriveformer å dømme anna opphav, men Hensrud i Jenaker skrivst Heynßrudh 1520 og Hinsrudt 1578.

Jepperud |"jæppe-| i Aurskog er unemnt i Rud-leks: "Vistnok af nyere Oprindelse, dannet af Mandsnavnet Jeppe", opplyser NG 2:173. Kan hende er det så, men garden ligg no våtlendt til mellom bekkar på grensa til Sørum, derfor skal også nemnast sørsam. *jebpiehtidh* (om bekk) flø over, flyte utover (myrar), som høver like godt for blautmyrane vestom **Jepevika** på Dønna. Tvilarar kan også jamføre lokalitetar som Jepebekken i Verran, Jeupeseter i Flå, Jepestøl i Vennesla og særleg myrområda kring Jeppetangen i Gran og Jeppedalsstormyra ved Jeppeli i Hurdal. Det kan tilmed vere så at forklaringa også høver på stader som Jepestrand i Risør og Jeppneset (forenkla Jet-) på Skorøya i Karlsøy.

Jongerud |"jonjerul i Fåberg, Lillehammer blir år 1594 skrive Jonngerud, Jungerud o.l., men *j Hionghærudhi* 1424: Det var mest sannsynleg ein måte å vise ein uttale *sj-* på. Tett innpå garden er det to trillrunde bergknollar, av form svært så like fjellet Junkeren = *Jånghkere* (i Rana), så vel

som Jungerkollen i Øvre Eiker som innsjøen Jungeren tydelegvis har namn av, jf. at gardsnamnet Jong i Tanum i Bærum er skrive *Jonger*, i Jongre i mellomalderen: Tett vestom garden ligg ein rund haug. Jongsberget i Sunne i Värmland kan òg nemnast, vidare ein trillrund knoll innpå Junkersneset i Sør-Varanger. I nokre av namna står *-ere(n)* for sørs. *-vaerie* fjell, slik sms.bruken er også lenger nord, i andre kjem *-ere* av *-jaevrie*.

Hionghæ- frå 1424 minner om at gardsnamnet **Tjong** i Rødøy er uttalt *lʂãŋl* av og til, mot *lķãŋl* vanlegvis. Det er nøgda bergknollar der og ved Tjong i Bømlø, og "pukkel" heiter på sørsamisk *tjukngie*, men namna minner meir om lulesam. *tjãŋŋé* (tjåggne, čåg'ne) "pukkel, kul". Framlyden č uttalt *tsj-* forklarar dobbelforma frå Rødøy, men har oftast gitt eineformer på *sj-* : **Sjong** i Lesja fekk nok namn av den runde Sjongshøi, og garden **Skjong** på Giske av Skjongshornet. - Ein rund ås i Lyngdal langt sør går for **Skjongen** el. Skjøngen, pukkelforma er òg **Sjongshaugen** i Vindafjorden (Rog.) - At *tsj-* skiftesvis har gitt ein uttale *tj-* og *sj-* er forståeleg, men skrivemåten *Hiong-* viser truleg at at samisk *tsj-*lyd av norsktalande ei tid kunne oppfattast både som *kj-* og som *hj-*: den siste lyden er jo med tida vanlegvis blitt forenkla til nettopp *j-* i norsk.

Jopperud *l"jåpperul* i Fyresdal ligg tett ved Jopperudhylen i elva Fardøl: "Man skulde nærmest tro, at 1ste Led var et Mandsnavn; noget saadant kjendes dog ikke" (NG 7: 386).

Det har visst heller med *jobber* el. *jobbir* å gjere, ikkje berre sagt om pytt eller sump, men òg om elvehøl (Qv 431). Variantar av same ordet er *jåppål*, *joppèlm* "liten sjö; vattenpöl utan avlopp (ibland torr), liten tjärn utan avlopp" (Grundström), merk også *joppolm* (oslo 69). Rett oppløysing av namnet blir då Jopper-rud. Attåt variantane *joppèlm* og *joppolm* skal nemnast *jobberm*, *jobbirm*, den siste forma kjend frå Gimsøy i Lofoten i omkasta form *Joprim*.

Julkerud i Nordre Land, som kan ha vore buplass, kjenner vi indirekte frå kart pga. Julkerudlia og Julkerudhøgda som ligg kvar for seg på eit par lange åsdrag. Venteleg låg då buplassen ein stad imellom. Sørensen av det eine åsdraget stikk med ein lett avrunda åsende ut i myr og kan naturleg nok ha vore oppfatta som ein "fot", sørsam. *juelkie*, som elles visst ikkje er eit like vanleg terrengord som norsk *fot*. Vi skal ikkje her gå nærmare inn på lokalitetsnamn som Ánatjuolgi i Nordreisa, Dátjajuolgge i Tysfjord eller Dollajuolgi i Alta, for der er det sjølve namneleddkombinasjonen som har ei tyding som i kvart tilfelle for seg er unik.

Kabberud er gardsnamn i Hurdal, Nannestad og Kongsvinger (som i tillegg har ein gl. buplass med same namnet). Kabberud-lokaliteten som eingong gav namn til Kabberuddalen på Østre Toten og Kabbrudmyra i Sør-Odal er vel ikkje kjend lenger, men alle stadene finn du fint

avrunda haugar eller åshumpar tett ved, jf. også Kabbeteigen i Eidskog. Kabbe- er truleg sørsam. *gabpe* "flat haug, hump", "forhøying på flatt land" etc., som visst også kan bli til Kapp-.

Kalverud i Biri, Oppland ligg ved ei (moderne) vegbru over Kalverudelva, og **Kalverød** i Våler i Østfold ligg tett ved Hobølelva, på ein stad der elvebarden på begge side er lågare enn ovan- og nedafor. Namnet kan visst begge stadene komme av sørleg sørsam. *gaalove* vad, "vadested", jf. *kálau* (oslo 76).

Katterud i Aurskog-Høland ligg på ein smal, litt høg rabb ved ein bekk. Ein gl. buplass Katterud i same bygd ligg ved ein langsmal, låg skograbb avgrensa av små bekkelar. Katterud i Eidsvoll ligg på ein smal, meir krokut rabb med mykje erodert lende på sidene. Katterud i Nes (Akersh.) har større gardsflate, men ligg heilt frampå kanten av ein bratt bekkedal. Sørsam. *gaedtie* tyder i første rekke "strand", "bredd", lik nordsam. *gáddi*, men lulesam. *gádde* er topografisk meir vidtfemnande: kant, rand; ytste del av noko, så som berg, myr etc. (Korhonen).

Kaugerud *"kaugerul* er ein gard i Sigdal (Buskerud). I Nordre Odal (Hedmark) ligg **Kuggerud** *"kuggerul*, skrive Kaugerud 1617. Ovan- og nedanfor Kaugerud renn elva Eggedøla nokså beint over ei god strekning, men ho gjer ein stor boge ved sjølve garden. Mykje av dette er likt for

garden Kuggerud, der Kuggerudsåa (i skilet mellom Nord- og Sør-Odal) renn temmeleg beint, men like før og etter garden gjer ho ein stor sving. På begge stadene deler elva seg slik at der oppstår ein elveholme. *Kaug-* er nok ei tilpassing av sørsam. *gávvag-* "krøkt", òg skrive *kávahk-* "krokig, krøkt" (oslo 82). I Kuggerud er diftongen *au* derimot forenkla.

Kitterød heiter ein gard i Hvaler og ein i Idd, Halden.

Kjettorp i Borre kan òg nemnast, ettersom dei historiske skriveformene tidast går ut på Kiette-, Kette-, Kitte-.

Kjetterud i Ås blir i NG rekna for å vere bortkommen: Det er ikkje rett.

Utt. *lkette-*l opnar seg i fleire tilfelle endå meir, til *lkætt-*l, som i Kjettland (Masfjorden), Kjettnes (Skjerstad) og Kjetten, Kjetta i Rødøy: Det vil då seie Kjetten som namn på garden, men Kjetta om vika der garden ligg. Ein trøndersk variant er **Kjøttrød** i Midtre Gauldal.

Utgangspunktet er i alle desse tilfella utan tvil sørsam. *giedtie*, i trong meining om reingjerde, reinhage, men i utgangspunktet vel i vidare meining på line med lulesam. *giedde* "(naturlig) äng, gräsvall" (Korhonen), jf. nordsam. *gieddi* "eng, voll" osv. Kjetten er alt nemnd, men Rødøy har dessutan ein eldgammal samisk marknads plass som heiter **Gjedden** (lyder som b.f. av *gjedd* "fjordtorsk").

Kjeksrud ligg i Gran, **Kjeksrød** er i Holmestrand. Dei

eldste skriveformene av desse namna går ut på Kex-, Kiex-, Kiæx-, Kægs-. Typisk for dei to stadene er rabbar, humpar, motbakkar. Unnatak er Kjeksrud i Gran, men ikkje Kjeksrudødegarden same stad! Her høver sørsam. *tjaavds(e)*, *tjaavdese* (Has. III: 1295) = *tjaavtese* "motbakke": I *tjāfts*, *tjāfts*, *tjæfts* blir lydovergangen regelrett, "idet *ps* ligesom *fs* saa ofte i Stedsnavne gaar over til *ks*" (NG 15:55), dvs. samtidig med overgang *fts* > *fs*. Så òg med Kjeksevågen i Strand og vika Kjekse, Sveio. Kor- kje når det gjeld skrive- eller landskapsform synest Kjekstad i Gran, Grimstad, Lunner, Røyken eller Sør-Odal vere annleis å forstå, ei heller *Kjekshus* i Gran.

Kjepperud i Enebakk er to gardar (nedre, øvre) som ligg på el. attmed kvar sin haug med senkning (hals) imellom. Dette minner om lulesam. *tjehpe*, nordsam. *čeabi* etc. Anatomisk bruk av ordet kontra topografisk "berghals, halsliknande utlöpare från ett berg" er formelt variabel, i sør-, lule- og nordsamisk, men sørsamisk *tjeapohke* "hals" kan òg lyde *tjeapoeh* og *tjeapah* (nom. sg.), i sms. bl.a. *tjeapohks*-. Her er å seie at både Kjepsoya = Kjopsøya i Lyngdal og Kjefsøya i Vågan er innskoren på ein slikt måte at "hals" gir klar meining, berre at i Vågan har også uttaleendringa *ps* > *fs* kome til.

At **Kjøpstad** i Gildeskål l'"*kjøppstal*, l'"*kjøffstal* er tolka som gno. *kaupstaðr* i NG blir tvilsamt pga. skriveforma *af Kepstadom* i AB ca. 1430: Frå Gammelgården ved

Kjøpstadosen er der iallfall fleire overgangar el. halsar til Eidvika og Hamn på nordsida av åsen. I Aremark i Østfold fell og tydinga "hals" på plass når det gjeld **Kjeppås**. Det ser vidare ut til at den såkalla Heivegen ved **Kippestaui** i Seljord går over ein typisk hals.

Kjevelsrød /"k̄evetsrøɫ, /"k̄evotsrøɫ, /"k̄ævəsøɫ i Onsøy, Fredrikstad ligg nordvest for, tett innved ein skogkledd bergrygg, sørsam. *tjivvelge*, tjuvvelge, -elke (Has. III: 1324), egentleg "veikrygg". Uttalen samsvarar godt nok med skriveformer som Kieffuelbrød 1611 og Kiffuelsrud 1635, medan Kielsrud 1593 må vere feil.

Vi kan jf. med Kjevelsmyra for enden av Syringåsen i Trysil, og Kjevelnes inst i Rognsundet i Alta.

Kjeverud heiter ein gard /"k̄everul (Kiffwæruth 1480) og eit bruk /"k̄evverul på kvar sin stad i Stange; så heiter også ein gard i Løten. Her skal vidare nemnast **Kjeve** /"k̄evvel i Eidsberg (Kiffue 1616, Kefwe 1723) og **Kjevlia** /"k̄evv-l i Snåsa (Kiifflienn 1559).

Kjeve har to bekkar og teikn til ei gammal vassamling ved den eine. To bekkar renn også ved Kjeverud i Stange, i samband med nokre pyttar. Ved Kjeverud i Løten ligg myrar spreidd; men langt større og langt meir gjørmefarga er myrane ved **Gjevlia** i Snåsa. Store myrar har også Kjevedalen i Gulen, og mest slåande er kanskje at ei tylft **Gjevrika**'r landet rundt har utgrunn, grumsut botn.

Alle desse namna synest ha sitt utspring i eit ord svarande til *gieva* "blautmyr, søkkemyr" (nordsamisk), i lulesamisk dessutan "vattenhål el. liten tjärn i myr; sumphöl, gyttjepöl" (Korhonen), alternativ skriveform *kieva*. Sørsam. *gieve* er "gjørme, dynn" medan *gievege* er søkkemyr (uframkommeleg); den termen òg kan ha tyding "gjørme, dynn". Sml. **Gjeving** i Tvedestrand, Gjeving-berget og -åsen mot Stjørdalselva, og Gjevingdalen ved osen av elva Nevra i Høylandet.

Klanderud |"*klanne*-| heiter to gardar i Eidskog. Gnr. 6 (Klandarud ca. 1490) med Oppistuen, Klanderud-lia og -bråtan ligg ved Klannerudtjennet, men aust for Klanderud og sør for Klanderudmyra er ein myrpytt. Klanderud på gnr. 66 ligg aust for Nessjøen, og midt i garden finst ein vasspytt som Stensrudbekken (kalla så etter ein nabogard) renn igjennom.

Om leddet **Klande**- heiter det: "Sandsynlig af et Mandstilnavn klandi, dannet af *kland* n., Fortrædigelse, Forfølgelse. Intet beslægtet Navn kjendt". - Alternativt er det rimelegare å kople historisk Klanta- med sørleg sørsam. *lantja* "vasspytt", av grunnar som nemnt er. Når det gjeld framlydsutvikling, kan ein sml. med *Kr*- for *R*- i Krabberud, Krafrud og Kruserud, *Tr*- for *R*- i Trasterud og truleg fleire.

Korterud i Eidsberg og Vestre Toten så vel som **Korterød** i Halden, Sandefjord og Tønsberg er utolka gardsnamn: Korterød i Tønsberg (Slagen) har uttale med open o, dei andre med trong.

Frå Elgsnes ved Harstad er opplyst: "**Kortan** er ein kvass bergknaus som stikk opp av havet. Det er to slike bergknaksar tett attmed einannan. Det er venteleg derfor fleirtalsforma Kortan. Det er åldjupt rundt på alle sider" (Edvard Ruud, Hm. 1940: 479f). **Korten** heiter òg skjær (holmar) i Moskenes og Kristiansund, medan Korten på vestsida av Landego er eit avrunda bergnes mellom Nord- og Sør-Kortvika.

Det aktuelle sørsamiske terrengordet blir skriva og definert på skiftande måtar: *guortë* "högt näs" (oslo 103), el. *gorte* "langt, smalt, isolert berg", *gårde* (nom pl *gårdh*) "langer, schmaler Berg, der ganz isoliert ist, weil ihn Moräste und Täler von anderen Bergen trennen" (Hasselbrink), *gurdε* "lem i fjellsida" (Hattfjelld.) eller "lang, smal ås med utsikt til begge sider" (Vefsn; Qv 366).

"Lang, smal ås" er heilt rett for **Gyørte** (Bæråsen) i Grane og for bruket **Gorte** (gnr. 40.3 i Våle, Re), som vel å merke ligg tett ved ein smal, ovleng rygg langs Verpelva mellom Hengsrud og Kåpe. At namnet der lyder l'*gó`tte*, må dessutan innebere at Hasselbrinks skrivemåte *gårde* med -rd- ikkje er tilfeldig.

Langt, smalt berg stemmer også for Kortnuten i Hol (Buskerud), og for bergformasjonane midt ute på Kortneset nær Sværholtklubben mellom Porsangeren og Laksefjorden, men elles er det oftast tale om litt avrunda, lange formasjonar (iblant litt ovale). Det gjeld for alle Korterud-gardane, så vel som for Kortvika i Storvågan i Lofoten og for Kortneset i Bjugn, o.a. Der det finst vassamlingar på staden må vi elles hugse på fuglelivet og ikkje gløyme sørsam. *gurhtie*, lulesam. *gurtte* "lom", men etter karta å dømme kan det ikkje vere aktuelt i desse tilfella.

Krabberud i Bærum og **Krabberød** i Bamble og Fredrikstad - på siste staden også Krabberød-ødegården - ligg alle på el. attmed markerte rabbar. Her synest ha skjedd ei (for norsktalande umotivert) endring av framlyd *R->Kr-*, jf. neste.

Kroft *lkråftl* i Lier (Busk.) går tidt for Kraft (1528: "Krock"), medan **Kraftrud** (år 1669 Krafterud) er ein gard i Vang, Hedmark: "om dette hører sammen med Kroft (hvorfor alm. skrives Kraft), er meget uvist. Gaarden ligger ved Kroftkollen, adskilt derfra ved en dyb Sænkning. Paa angelsaksisk *croft* "indhegnet Græsgang" (bevaret i engelske Dialekter) tør neppe tænkes" (NG 5:326).

Der er nok ei senkning, men viktigare blir sjølve

Kroftkollen (Kraftkollen), som både har ei trong, djup kløft midt i og ei liknande på begge sider. Her er visst eit motstykke til lulesam. *ruovdásj* og nordsam. *ruovddáš* "gjel", særleg bekke- og elvefar, men òg raviner og andre tronge passasjar, jf. Qv 739. Dei ovdjupe raskløftene i **Kraftskrio** i Tinn tyder på at vi er på rett spor, jf. også Styggedalen i nordenden av **Krafttjennet** i skilet Eidsvoll - Hurdal. Djupe nedskjeringar finn vi også ved Kraftulbekken i Sør-Aurdal og Kraftovika i Aurskog-Høland: truleg er Kraftul- og Krafto- sms. former.

Framlyd *Kr-* nører tvil, men sørsamisk (liksom norske målføre) kan overraske, jf. norsk *skrida* f (skreda), nordsam. *riidi* og lulesam. *riida* mot sørsam. *prijrie*. Merk vidare sørsam. *brorke* = *frorke* "jerpe", *troske* for "frosk" o.l.

Kraugerud |"*krauerul* nedre og øvre (Kraufuarud ca 1400) ligg i Os, Rakkestad i kupert terreng, innskore av smådalar på alle sider. Namnet liknar på Kraugehei i skil mellom Audnedal og Marnardal, som også har lange, djupe innskjeringar, og på Marnardal-sida er langdregne djupe myrsøkk (Langakjerran m.fl.) *Kraue-* speglar truleg sørsam. *kruovvú*, *gruovë*, *kruova*, *kroava* "lita fordjuping" (Vefsn, Hattfjelldal, Qv 341), eit ungt lån av gno. *grqf* f (oslo 98), i normalisert sørsam. *kråave*.

Krinkerud heiter ein gammal buplass i Flesberg og i

Rollag, begge Buskerud, så heiter dertil ein sætervoll i Rollag: "forklares at komme enten af et Tilnavn *krinken*, dannet af krinke "hoppe paa ét Ben" (altsaa: Haltepink), eller af krinke i Betydningen "ha Moro, danse" (NG 5:411). Meir nøkternt pga. lendet alle dei stadene framstår sørsam. *krienghke* (sørleg form også *kreanghke*) "rommet bak kneet", dvs. kalvbot, knehase, då det er snakk om flate, litt avrunda søkk. Uhyre treffande for den fint avrunda elvehølen **Krenkepøla** i Hemnes i Nordland! Det passar sanneleg også godt nok for den ytste delen av Krenkedalen i Eidskog.

Kroksrud, aller oftast sagt *'kroksrul*, heiter 10-12 gardar i Buskerud, Oppland, Hedmark og Akershus. Gjennomgåande er namnet tolka til Krókr som norrønt mannsnamn, sjeldnare er nemnt elvekrokar, som ved Ringerike, Kongsberg og Gran sitt Kroksrud. Samtidig er ordføyinga Kroks- mistenkeleg når ordet *krok* i ingen andre sms. får genitivs s. - Praktisk talt alle gardane er svært kuperte, ein kan dermed ikkje sjå bort frå sørsam. *krobpjies*, *krobpjjs* "innhul, uthult", også i sms. "krobpjies laante": landskap med ei mengd groper og fordjupingar. Lydrett får vi krobpjies- > *krops-* > *kroks-*, ein vanleg lydovergang Rygh tidt er inne på.

Kruggerud *'kruggrul* i Gran ligg i kupert terreng ved Kruggerudtjernet i skilet Gran - Lunner. Rygh tolkar namnet slik: "Vel af Krugg m. i den af Ross anførte

Betydning: kortvoxet, kroget og kvistet (forkrøblet) Træ, eller af et ældre Krøgguruð, af et *kragga med samme Bet. som Krugg. Jfr. det ei langt borte liggende Kraggerud, GN. 36 i Lunner". Meir konkret er likevel sørsam. *krogke* "gryteaktig senkning i terrenget", då det på austsida av garden er både eit relativt stort og rundt myrsøkk og ei mindre hole med vatn. - Om namna Kruggerudberget i Lillehammer og Kruggerudvollen og elva Kruggeruda(!) på Ringerike kan ikkje seiast stort, all den stund karta ikkje fortel oss kor sjølve Kruggerud låg.

Krukerud i Eidsberg ligg tett opp til smale, djupe erosjonsdalar eller -fører, så det er kort sagt "betimelig" å vise til sørsam. *kruhtjie* "smal, dyp revne, åpning".

Kruserud i Hjartdal ligg tett austom elva Hjartdøla, på ein stad der elvedalen er bratt og vill. Her må nemnast nordsam. *ruž'žo* kløft, djupt og trongt skard, som i *aw'že-ruž'žo* og *jokka-ruž'žo* (Qv 729), i meir normert form *ružžu*. "Kløfterikt" er også **Kruselifjellet** i Kristiansand, og det går lange, djupe kløfter på austsida av **Krusetjern** i skilet mellom Gol og Nes i Buskerud. Sml. *Krafterud* osv.

Kvelperud |"kvæ`łperul i Ål (Busk.) er skrive Qvelperud 1723, men Qualperud og Kolperud (!) hundreåret før (NG 5:139). Det liknar dei eldste skriveformene for **Kamphus** i Frogner, Sørums: af Kolpusum, i Kolphusum, Kolphusum 1400 (NG 2:256): "Noget lignende Navn har jeg ikke

kunnet finde, uden det skulde være det forsvundne Gaardnavn af **Kølpene** i AB. 34 (Stjørdalen)".

Kølpene er klart nok sørsam. *goelpene* = *goelpe* (guolban, kwolpa, kwolpen, kuolpan "mo" (Qv 347), med tydingane "tørr slette i skogregionen med renlav eller lyng (med eller uten skog); lav, tørrlendt haug (med eller uten skog), flat ovenpå" (oslo 101-102). Dette høver upåklageleg for gardane i Ål og i Sørums. Lendet kring Kvalptjønna i Trysil føyer seg fint etter definisjonen "tørr slette i skogregionen med renlav eller lyng (med eller uten skog)" - men det gjer ved nærmare ettersyn området rundt fleire andre Valpetjern og -tjønner, alle sørpå, då med unnatak for Valpvatn i Sør-Varanger (nordsam. *guolba*, *guolbban* "mo, slette").

Kvelpadalen ligg under Snjofonnbrekka i Ullensvang, men der aner vi ei forveksling av sørsam. *fealhpa*, *fielhpies* "kvalp" og *feelpeth* "snøfokk". Det er pga. terrenget tenkeleg også for Vielpiesvaajja = **Kvalpskardet** i Hattfjelldal.

Ladderud heier gardar i Eidsvoll, Gran, Lillehammer og Ullensaker. Alle stadene har små tjønner, i Ullensaker sitt tilfelle i ubygd område litt vestom garden. Også

Ladderudbakken i Øyer har ein vasspytt, og på Ladderudberget i Kongsvinger er det tydelege merke etter attgrodde pyttar, jf. Ladderudsdøsset, ei myr i Nord-Odal. Opplysende er namne-sms. **Laddetjennet** frå Sør-Aurdal, der det er endå eit par mindre vassamlingar under **Laddeli**

tett austafør. Det gir alt saman kopling til nordsam. *láddu* dam, pytt = *láttu* (Arjeplog), i lulesam. *sláddu-* (oslo 203, Qv 473). Sml. elles Klanderud.

Lefsrud ligg i Ås, liknande gard- og buplassnamn er **Lefsrød** i Andebu og i Re, der dessutan **Lefsaker**. Samnemnar for alle er gammalt myrland, og det er ikkje å overdrive at det i endå større grad gjeld for **Leksrød** i Aremark. Ut av dei litt sprikande historiske formene av gardsnamna får NG dei norrøne mannsnamna *Leifr* og *Leikr*, men det blir urimeleg å ignorere likskapen med nordsam. *leakšá*, akkusativ *leavš-*:vid, myrlendt dal, iblant også *leakši*. Varianten *leafšá* finst også (*læfšá*, Friis og Qv 1938:23): Namne-sms. **Lefsemyråsen** i Nedre Eiker fortel også om slik samanheng. Det går også liner til øya **Leksa** i Agdenes med talrike myrar, og til ei blautmyr nær Dverberg kalla "Læksra". Ordet finst ikkje lenger i sørsamisk, men visse skriveformer av gardsnamna sørpå liknar austsam. *liekša*, gen. *liegši* (Qv 566).

Liverud (fl. stader) og **Liverød** (Sandefjord) minner om *livve*, *lyvve*, variantar av sørsam. *luvve* (lovve) "kviletid for rein". Men kva seier så lokalhistorikane?

Lommerud heiter ein gammal buplass i Sauherad, så vel som ein gard i Nome og i Hof i Åsnes; gamle skriveformer finst knapt. For dei to første viser karta at dette kan vere same ordet som nordleg sørsamisk (Malå)) *luobma*

"unterhöhlte Stelle im Bachufer" (W. Schlachter: 88) = lulesam. *luopma* "hålighet under en bäck- eller sjöstrand" (Qv 550. Det kan vere same ord i usms. form som går att i eit gardsnamn frå Hedrum i Larvik, **Lomme** l'*lom(m)el*, skrive *Lauma* 1425, og i *Laumagiærdis* 1369: Der går det ein bratt elvekant langs Lågen. Ved garden i Åsnes er berre ein liten bekk, men terrenget er holut, det kan minne om lulesam. *luobmis jáhkå, luomakis jáhkå* "en bäck som går genom håligheter [luomah] under tuvorna eller i jorden och knappt synes"? I alle fall, **Lømmerud** i Aremark så vel som dei 3-4 førstnemnde ligg ved ein brattkanta bekk. Eldst skriveforma i det siste tilfellet er Lommerøed (1638).

Lopperud heiter to gardar på Ringerike og ei sæter i Ringsaker. I Nissedal har dei både ein gl. buplass og ei sæter som heiter **Loppestad**. I Drangedal har dei nedre **Loppedalen**. Løysinga på namnemysteriet er, at på strekninga Rogaland - Akershus (tyngdepunkt i Agder og Telemark) er det over dusinet Loppetjern og Loppetjønn'er: Loppe- er forkorting av sørsam. *loebpele* "lite tjern", nordlegare former *luoppal, luobbal, luobbar* osv. (Qv 535), og forunderleg er å samanlikne *loebpele* med **Loppeboleggi**(!) i Vang i Valdres, for ikkje å gløyme **Loppenosi** på grensa Lærdal-Årdal, **Loppeknuten** i Sokndal og **Loppefjell** på Vegårshei. Alle dei stadene er det lett å påvise tjønnene som må ha gitt lokaliteten namn.

I nord er *luobbar* som namn på ei elveutviding i Bø blitt **Lubberten**, og innpå Hinnøya passerer reisande til og frå Vesterålen "Løbergsbukta", der "Løbergselva" fell ut. Ho har ei litt større og mange mindre tjøenner i sitt tilfar.

Luserud heiter ein gard ved Lysåa på Ringerike, så vel som ein ved Bjortjennåa i Nes i Akershus. Namnet Lus- og Losbekken går att mange stader, frå Beiarn til Trysil, merk også Luselva i Bremanger og Loselva i Øvre Eiker; dessutan er der ovmange Lus(e)tjern i sør og aust, medrekna tjønnene Stor- og Vesl-Lusa i Lom og likeins Lusefoss i Seljord. Sørsam. *loese* (lule- og nordsam. *luossa*) vil seie "laks" (iblant også aure): uttalen Lus- kjem like snart frå norsk som frå samisk. Eit namn noko for seg er **Joklusnes** i Åmli på Agder: Jok- er vel sørsam. *johke* "elv", men sms. Jok+lus- i staden for Lus+jok- er påfallande og mistenkeleg.

Makrelrød |"*makrelrø*| i Råde i Østfold kallast Maktildarud 1420: På 1500- og 1600-talet skjer endring til Macklerudt, Makrelrudt, Mackrillerød. Merknaden i NG lyder så: "Maktildarruð, af det fra Tydskland indførte Kvindenavn Maktildr, der neppe ellers kan paavises i Norge i MA. Den Form, hvortil Navnet senere er gaaet over (som det sees, allerede i 16de Aarh.), er ganske eiendommelig og morsom; den bliver forklarlig derved, at Folk i Bygden kjendte meget bedre til Makrelfiskeri, end til det sjeldne Kvindenavn, som maaske ingen der har baaret, uden den ene, efter hvem Gaarden fik sit Navn (før 1400, som man

ser)".

Makrellrød ligg inst i/ved ein vid og flat dal som opnar seg mot nord, og 1420-forma *Maktild-* liksom det seinare Mackle- ligg tett opp mot sørsam. *mahkeldh* "slutten på ein dal eller bekk" (= mäckeldeh, makkeldh, Hasselbrink II: 899); jf. også senkninga **Mahkalahke** kring vatnet Litllangen i Tydal. Forma *Maktilda-* frå 1420 er nok meir ei tolking enn eit påliteleg vitnemål om uttalen på den tid.

Malterud |"*malteru*| i Vestre Toten blir skriva just så 1555, jf. Malterud (Eng) 1669. NG tolkar namnet som i Makrellrød sitt tilfelle(!) men med tanke på dei store myrane kring garden bør vi neppe oversjå sørsam. *måltoe* = multie "mold; bøss, skrot" o.l., og især *maltú* (Vilhelmina) "dåligt, upptrampat, mylligt land, troligen = (Lule) *mul'tú*" (oslo 126). Interessant ville det ha vore å få vite noko om bonitet i området? Det gjeld også for **Maltetjønna** i Froland (Agder), meir usikkert er Malttjenn i Aurskog-Høland, jf. gno. *marð-*: mår- (dyret).

Mangerud heiter gardar tre stader i Hedmark: Mangerud i Hamar ligg isolert i høve til gardane i nord, vest og søraust. Det gjer og Mangerud i Stange, med eit ubygd område vestafor, men framfor alt Mangerud i Våler, som ligg lengst sør av alle gardane i området og i nordkanten av vid skog. Mangrud i Gausdal ligg òg isolert. **Mangelrød** i Larvik representerer ein litt annan variant ved at garden (i lag med Ødegården) er "forvist" til eit elvenes, skild frå tettbygd område i sør.

Sørsamisk ordtilfang får oss ikkje på sporet, men lulesam. *maŋŋe-* tyder bakre-, atter-, medan *maŋŋel*, *maŋŋela* er postposisjon + preposisjon "efter, senare än" (Korhonen). Nordsam. *maŋil* adv. uttrykker "på baksida, i bakkant, i bakenden" (Friis: *maŋeld*, *maŋelt*), medan *maŋŋe-* i sms. tyder "bak-, bakre". Heilsamiske namn finn vi få av på kart: **Maŋŋegeahč**e heiter ei strand i Vadsø, **Maŋŋajávri** på Seiland er det inste av to vatn i Bårdfjorddalen. Det samiske *Maŋŋe-* kunne ikkje godt bli anna enn "Mang(e)-" i norsk, meir ugreitt vart det med *Maŋŋel-*:

Mannelbekken |"*maŋŋel-*| på Andøya (eldre kart Magnhild-, i dag "Manle-") kjem fram inst i Stavadalen. **Mangelåga** i Leirfjord renn i skjul attom ein rabb (innover dalen sett), **Mangelvatnan** i Salangen ligg bak ein liknande fjellkant.

Ein gard i Ø. Aker (Oslo) heitte på 1300- og 1400-talet **Magnarud**, men 1557 Magnillerudt, så Mangelrud, Manglerud: "Efter de to ældste Anførsler skulde Gaarden oprindelig have hedet Magnaruð, af Mandsnavnet Magni. Det bliver dog vanskeligt at forstaa, hvorledes l'Lyden da er kommen ind i Udtalen" (NG 2: 114). Vinkla samisk kjem altså namn som Magnhildberget, -botnen, -dalen, -fjellet, -halsen, -heia, -kleiva o.l. fonetisk mindre "bakpå" oss norsktalande.

Ukjent for sørsamisk er nordsam. *maŋŋe-* "bak-", substantivisk om bakenden av det som rører el. kan røre på seg, då vel også vassfar. Det er tenkeleg at det også kan gjelde eit område langt unna sentrum på line med

bakfjerding (Bø i N.), det som ligg mest avsides? Nokre sjønamn merker seg ut såleis: **Mangen** ligg i skil ml. Eidskog og Aurskog-Høland og **Nettmangen** ligg mellom Nes og Sør-Odal (begge på fylkesgrensa). **Åsnesmangen** ligg i skilet Ånes - Våler, **Vålmangen** litt lenger inn på Våler-sida. Eidsmangen innom der att representerer visst ikkje eit soknenamn, men ligg langt unna Eid i Våler, så det kan vere analogi. Bør vi frå Drangedal òg ta med **Bosmangen** nær dagens snorrette grense mot Bamble? Tvilsamt er i alle fall at Mangen per def. tyder "sjø", for Mangen med Mangset og Mangåa i Sør-Odal er no snarare områdenamn liksom Mangan, ei myr langt nord i Nannestad, ved Hurdalssjøen, og Gammelmangen i Åsnes var buplass. Gransking av dei svenske innsjønamna Mangen, Mången vil vel seie oss meir.

Til nordsam. *manne-* svarar sørsam. *minngie* bak, bakende, og dette gir meining for **Mingevannet** i Sarpsborg, ein brei, blind arm av Glomma som har samband med sistnemnde via det smalare **Mingenoret**. Også Mengåa i Kongsvinger skal nemnast, ho kjem frå det vesle Mengetjennet og osar i det store av same namn, i vestre ende av innsjøen Møkeren.

Masterud i Kongsvinger ligg ved Masterudbekken, som renn sørover frå Ramtjenna vest for garden, men svingar og renn nordover og framom Masterud, for så atter å snu og renne sørover og ut i Møkeren. **Masterød** i Bamble ligg ved ei tjønn som har avlaup søraustover til Skaugtjenna: tett nordom garden kjem det ned frå Masterødheia ein bekk som stemner mot same tjønna, men så bråsvingar og renn nordvestover til øvre Masterrudtjennet, og deretter til det

midtre. Begge stadene passar sørsam. *maahtsedh* "komme tilbake, vende om", som i ei mengd andre stadnamn går på sving eller fald eller rukke(r) i landskapet. Truleg er då Maste- eit omkasta *Maahtse-, endå *Matse-, *Masse skulle vere meir å vente.

Molkersrød |*"målkaşø*|,|*"målkaşrø*| ligg i Berg, Halden.

Eldst er skriveformene

Malkusrudt 1591, seinare Melckis-, Molkiß- o.l., ikkje ulikt mannsnamnet Melkior, men mannsnamnet er først påvist på 1500-talet og er ikkje heilt sannsynleg (NG I: 228). Garden Molkersrød ligg i kupert terreng, mellom like kuperte åsar.

Ei rad bygder på Agder har lokalitetsnamn som Molkebakken, -fjellet, -myra, -sletta og -tjønna. Også i Rogaland har dei Molkebakken, -hólen og -klatten. Sørsam. *måelhie* eller *moålkie* (Has.), *moal'hke* tyder "krökning på älv, bäck); "(uregelmessig) bøining, krumning; krok, sving" t.d. på veg (Q 592, oslo 131). Jf. nordsam. *molket*: bøyge, krøke. Det stemmer alle stadene, medan *Molkers-* minner om formell men ikkje alltid reell deminutiv på *-etje*, *-edje* (Has. I: 67).

Muserud er gardsnamn i Asker, Bærum og Røyken.

Garden i Bærum ligg i ein liten dal som skjer tvers over to elvenes i åa Lomma. Over garden i Røyken går det ei djupt skard; garden i Asker er nedbygd og urbanisert. - Om sjølve namnet Muserud seier Rygh at "det naturligste er at udlede direkte af Dyrenavnet". I så fall korleis? Saktens kan folk innimellom ha tenkt på eit område som "mus-ete", men det

finst elve- og bekkenamn som må ha heilt anna forklaring: Musa heiter ei elv på Dovre, med uvanleg beint far over ei lang strekning, langt på veg også Musa i Øyer og i Gausdal, Musdalselva i Agdenes like eins, og i Ulvik ei å som renn nær Musakolhaugane. Dette gjeld også for Musbekken i Midtre Gauldal og på Dovre og endå fleire stader der Musinngår i namn på ganske rette vassfar.

Treffande er derfor *mocchetet, moccostet* v. "tage den korteste Vei, gaa Gjenvei", i adverbial form: *mocco* = *mucca*: "uden Omvei, benest", som adjektiv: *moccas* = *mucces*, d.e. "kortest, benest (Vei)" (Friis). **Mussingdalen** i Langenes sokn er òg ein snarveg, frå bukta midt på sørsida av Alsvågvatnet og oppover - sørover.

Anleis med **Musvær**, ei øygruppe nordom Vengsøya, sam. **Mūsvārēk** pl (LW 241), der Qvigstad ikkje sml. med **Muösāk** = Måsvær i Karlsøy el. med Måsøy i Finnmark. Men det gjer Collinder indirekte, under oppslaget *muousë* [= måse]: "*muous* uttalas nästan som *muus*, jfr Nensén, Åsele lappmark *mus*, mås" (oslo 133). Her har det si særlege interesse at Musvær ligg side om side med Gåsvær.

Muskerød i Brunlanes, Larvik er skrive *j Muskarud*, *Moskerwdh* og *Mwskerød* på 1400-talet. Innmarka er ein slett og litt utvida dalbotn, mellom små og større knausar og åsar (Fritzøehus landskapsvernområde). Vi kan jamføre med Muskedalen tre andre stader: i Sarpsborg eit slett dalsøkk med bratte kantar, i Ski den avrunda og slette Muskedalsmåsan, endeleg garden Muskedal i Våler (Østfold): Der har vi i framkant av eit djupt søkk

Muskedalstjernet og myrar i overgangen til Spydeberg. Djupare og brattare enn alle desse tre er Moskedalen i Vennesla.

Sørsam. *meskie* er det inste av ein stengd dal, lita lægd i fjellet (under *baarma* = *barmoe*: bratt fjellkant), jf. her lulesam. *måsske* "innbuktning i fjellbrant, slutten dal", nordsam. *moski* "buk, ufremkommelig sted (især skråttgående buk, vik, i elv el. innsjø)". Det siste høver like godt for garden *Møskedal* i Lyngdal, i ei krå ved elva Møska der det må ha vore lite framkjømt før vegane kom. - *Møsjekråa* innom Andenes er òg ein moski (no seier dei Møsje om fjellsida litt utom kråa), *Mosje* i Ryggedalen i Bø like eins. Dimensjonane er ikkje allstad like, i nord og sør, men som Qvigstad sa det, "man må anta at endel stedsnavn av det opprinnelige felles ordforråd er blitt glemt, når landets beskaftenhet ikke avgav betingelsene for bruk av navnet, eller at navnene er blitt brukt med endret betydning, og at der er dannet nye navn avpasset efter naturforholdene" (Qv1944, Innledning).

Namerud |"*namme-*| i Grue går òg for Namnerud. Dei historiske skriveformene er sprikande, namnetolkingane like eins, og det einaste sikre er at gardsnamnet kjem av namnet på elva tett ved, **Namnåa**. Ho kjem frå Namnsjøen og gjer talrike bråe svingar, då særleg i siste halvdel av sitt far. Det gir oss nøkkelen til ei tolking: sørsam. *njaamedh* "tørke av, stryke av" er i utgangspunkt meiningslaust - men nordsam. *njāmmat* tyder i tillegg å "kveile", eller for å ty til ein klassikar: *njāmmât*, *njāmâm*: 1) Ringe op (Toug), lægge i Ring, hæspe op (Friis 479). Sagt folkeleg er elva eit godt

hespetre på akkurat same måten som **Reipåga** i Meløy!

Det har seg annleis med Namnberget i Bykle og Namnbergan i Saltdal, Navnefjell i Arendal o.l.: Iblant er det opplyst at det er tale om svaberg, som går godt i hop med sørsam. *njaemehke* sleipt svaberg, det òg oftast mistydd som "namn".

Nokkerud |"nåkke-| er gnr. 140 i Degernes, Rakkestad. Eldre skriveformer skil seg lite frå dagens. Nabogarden **Nakkim** = **Nakkjum** |"nak̄k̄ømm|, |"næk̄k̄-| blir på 1400-talet kalla i Nakkæimom, a Nakkemom, Nackim, Nackeim, så Nakyn 1520, osv. Éin teori er at Nakimbekken heitte *Nakka og at Nakkim, Nakkjum er *heim*-namn (Rud-leks. 497), men gardane ligg for den avrunda sørenden av ein lang åsrygg, i tråd med sørsam. *nåhkeme* "slutt, ende", jf. *nåhkedh* v. (i sør: *nahkedh*) "ta slutt, få ende" m.m., dessutan: vere brattlendt (Has. II: 965). Det òg stemmer, især for austdelen av Nakkim sitt gardsvald mot Nakkimbekken.

Orkerød |"årk(e)rø| i Moss ligg for enden av ein lang og nærmast valseforma bergrabb med eit skard i. Gamle former er Vrøykiarud 1445, Orockerud 1577, Aaryggerødt 1591, Orrikerød 1593, Arackerudt 1599, Orkerud 1603, Orøckerudt 1611-12, Orckerøe 1612 osv. Dette blir kopla med Órókja el Úrókja, gen. Órókju "den uvørne", eit manns(til)namn registrert på Island (Rud-leks. 513).

Bergrabben er det store særmerket for garden, så vi bør

neppe oversjå sørsam. *årke* lang smal banke, åsrygg o.l.: *saedtie-årke* er sandbanke, *baektie-årke* tyder bergrygg, bergås (Qv 679), sml. *årge* (Has. I: 44), *oorge* (III:1043), men særleg *urge* "Bergrücken" (III:1380). Tenker vi oss ein uttale der orda hadde ein liten glidevokal, nærmar vi oss fleire av dei gamle skriveformene. Terreng som svarar til termen er heilt klart til stades inst i Orkdalen nær skilet mot Meldal i Trøndelag, i Orkedalen i Sund (Hord.) og i Orkedalen i Lillesand (Agder).

Padderud | *pædderul* er gardsnamn i Asker og Enebakk og plassnamn i Flå. At dyrenamnet ligg til grunn er det vanskeleg å tru, hugs at "band" er kjent lånord i samisk: nordsam. *báddi*, lulesam. *bádde*, sørsam. *baante*, også: *baadtehtahke*. I norsk finst talrike sms. som *gras-band*: stripe med grasmark mellom åkrar eller urdar, *leir-band*: lag med leir i jord, *stein-band*: belte av steinut jord, og *bjørke-band*, *fjell-band*, *myr-band*: overgang mellom myr og skog, *skog-band* lik *ved-band* (Norsk Ordbok). Ca. 15 sørnorske stadnamn inneheld òg kombinasjonen - *dalsbandet*.

Padderud i Enebakk så vel som den gamle buplassen Padderud i Padderuddalen i Modum har langsmal jordveg, så "band" i den tydinga passar: Det samsvarar at Paddøyna i Lindås er lang og smal. Padderud i Flå ligg derimot under bruket Steinbakken (jf. steinband). Men tidt ligg lokalitetane nær vatn, som Padderud-gardane (Asker,

Enebakk) og myra Padderud og jordet Padderudlykkja to ulike stader på Ringerike. Desse namna viser snarare til sørsam. *baadtehth* "issvull": namnet Badderen i Kvænangen har tilsvarande bakgrunn. Meir tvilsamt verkar dette for Paddeby i Vadsø, men der tøyser det seg ein bratt og bein og temmeleg lang morene (eit *åsband?) frå Paddebybukta og langt innover.

Patterød |"patterø, -rel i Moss er no eit nokså nedbygd område, men ligg slik til ved Patterødtjernet at det er heilt naturleg å tenke på eit sørsam. *jaevriebahte = nordsam. *jávrebahta*: inste del av ein innsjø. Nordsam. *bahta* "bak, bakende (på folk)" er nemleg òg sagt om inste delen av (bukta, fjord), eit kjent namneelement lengst nord. Spora er visst tydelege også lenger sør: **Patten** like søraust av Urs-tjenn i Marker er nærmast ein flat, breivoren terrasseforma dalbotn, **Pattetjønn** ligg i bakkant av ei hei austafor Vervatn i Froland (Agder), medan **Pattjennet** i Eidskog (Hedmark) ligg nordom og litt høgare enn Store- og Vesle-Abbortjennet.

I skrift (men neppe i uttale) kunne vi forveksle det omtalte ordet med nordsam. *báhti* "gryte", vél kjent frå samanliknande stadnamn, lik sørsam. *baetie* ds. Det høver for **Pætholet** i Melhus, men vokalforkorting kjem oftast til: Gardsnamna **Petterud** på Østre Toten, **Petterød** i Nøtterøy og **Petlund** i Stange er alle uttalt |"pætt(e)-|, og alle stadene er det rundvorne søkk, som òg ved **Pettlia** i Surnadal.

Meir uvisst er er kva som ligg i naturnamna Pettvatnet i

Sør-Aurdal og Petvika i Norsjø i Nome, eller i gardsnamnet **Pettvika** |*"pætt-*| i Hol i Vestvågøy, kjent frå talrike mellomnorske kjelder i perioden 1396-1436: Pettuvik, Pættauik, Peteuik, Pætauik, Pættowikena, Petteuiik, Pettewikena, Petuikena, Pættawikena, Pettauik. Ei *pita* el. *peta* (petu, peto) tyder "liten, tunn ting" i Sunnhordland, i Sømna og Velfjord derimot "lite (trengt, stutt) skjørt", men just i Sør-Aurdal tyder *pæte* "liten fisk, kjøe" (NO 8: 1247), og det forklarar namnet Pettvatnet best. Kanskje er forklaringa den same for dei to Petvika-ne: I Lofoten sitt tilfelle kan det heilt enkelt ha vore tale om småmort i den utgrunne fjæra.

Pelsrød |*pælsræl* i Våler er skrive j Petersrudi 1400, Pethersrudt 1542, seinare alltid Pels- o.l. Dette uttaleskiftet er ugreitt å forklare (Rud-leks. 519f). Garden ligg på ein låg, avflata haug, så ei tilfredsstillande forklaring burde vere sørsam. *balse* "forhøyning på marken" (Mankøk: *ballse* "tuva"), lulesam. *pal'sa* "torr, låg ås eller upphöjning på myr", "upphöjning i terrängen", "liten upphöjning i en myr, där marken ej är så sur", *palsa* helt låg ås (oslo 33). Merk særskilt, om molteland, *låttak-pal'sa* "liten, torrare upphöjning, där hjortron växa, i en myr". Ei slik forklaring høver like godt for gardsnamnet **Pelshólen** i Grue, og uttalen *pæls-* må ein samanlikne med korleis *hals* o.l. blir uttalt i bygdemålet.

Pengerud |*"peŋəru*| i Eidsberg ligg høgt og fritt nord på ein bratt åskant. 1400-talsformene av namnet (Rud-leks. 520) er ugreie, men skriveformene frå 1500-talet og seinare

avvik lite frå dagens uttale, som stemmer godt med med sørsam. *beavnere* (Mankok: *biengere*, *beäungjere*) vid utsikt, utkiksplass.

Perkerud gnr. 16-8.23 i Eidskog ligg i eit smalt dalføre, men likevel ope, på ein haug i nordenden av det langsmale Perkerudtjennet, som strekker seg nord-sør. Dette er nær svenskegrensen. Ei "terreng-relevant" forklaring er derfor sørsam. *baerehke* "bakke med sol", med anna rettskriving *párëhkë* "Hügel" (oslo 151).

Pilterud heiter ei rad gardar og utmarkteigar i Buskerud, Oppland og Hedmark, i tillegg kjem **Piltingsrud**. Dessutan er det ein gl. buplass Pilteset(er) i Nore og Uvdal, ja **Pilterudsila** som namn på ei kjelde i Sør-Odal høyrer utan tvil til den same kategorien. Alle desse stadene er det brattlendt, så det er fint liten tvil om at vi har å gjere med sørsam. *bilhtie-baahkoe* "bergside" = *biltie-baakkuo* "die Seite e-s Berges" (Has. I: 333). Termen bilhtie er andre stader blitt mistydd som dansk *billed(e)* slik at vi har fått dialektiske namn på Bilde- og Bilet-, Bellet-.

Pinnerud |"*pinņeru*| heiter ein gard på Furnes, Stange, sml. **Pinnerød**, Borge i Fredrikstad. Førstnemnde ligg nokså høgt samanlikna med annan busetnad på staden (og jamhøgt med bruket Oppset). Så òg Pinnerød på sin stad, i fjellfoten ("opp mot fjellet") i høve til andre gardar på flata i vest. **Pinnestad** i Svarstad i Larvik er også høgt og fritt plasser, på ei hylle ved Lågen. Det ser såleis ut til at Pinner fornorsking av *bijjene* adv. "(der) oppe", el. "høg-". Namnet Pinnerud i Furnes er skriva **Pynnerodh** 1458, det

rimar med at *bijjene* er notert i former som *bijɛnɛ* og *pijana* med "mørk" i (Has. I: 326f).

Nokre andre namn peikar i same lei: Den trillrunde **Pinnerudkampen** i Stange (utan samband med Pinnerud) er vel 334 m høg, og **Pinnerudberga** i Bærum er 368 m høge.

Piperud er gardsnamn i Skiptvedt; dertil ser vi Piper- og Piparud som utmark- og teig-namn ei rekke stader på sørnorsk område. Rett oppløysing av namna er helst Piper-rud, Pipar-rud, ettersom talet på andre namn med utmerking Piper- og Pipar- er påfallande høgt. Inga god norsk forklaring bydst, meir truverdig er sørsam. *biejje-baerehke* = *pieje-párëhkë* "sollys bakke", med stavingsbortfall. Den diftongiske *ae* er ein "lys, mer eller mindre æ-aktig a" (Bergslands gramm. s. 19), så vi kan vere temmeleg sikre på at det vart sagt både *pipar-* og *pipær-*.

Attåt dei frittliggande Pipa- og Piperud-lokalitetane kan nemnast Piperudsletta i Bø i T., Piperødåsen Våler, og Piperås Ringerike, jf. det forsvunne *Piperesrwd* i Heddal nemnt 1533 (Rud-leks. 522). Merk også lokalitetane **Pipern** (li) i Sande og i Lunner, rett under Solobservatoriet der! Andre frittliggande lokalitetar med god solgang heiter Piperberget, Piperfjell, Piparfløti, Piparhaugen, Piparholten, Piperlia, Piperodden, Piperslåtta, Pipertuva o.l. Utan lokalkunnskap kan det bli ugreitt å avgjere kva som er primær- og sekundærnamn i kvart tilfelle. Av og til aner vi genitiv Pipers-, kanskje sms., av *bijje-* "øver-" + *bierje* (berg), usikkert nok ut frå namneformer som Piperberget

(Lunner) kontra Pipersberget (Loppa).

Plåterud |"*plåteru*| i Lørenskog: "Sandsynlig Plátararuð, af plátari, Sideform til platari, Harniskmager, Mand, som gjør Pladeharnisker, som de brugtes i den se nere Middelalder", hevda Sophus Bugge, men flatlandet på staden gjer det noko rimelegare å tenke på sørleg sørsam. *ploehtoe* "stor myr", her så vel som når det gjeld **Kvålsplåtta** i Audnedal.

Posterud er ein gl. buplass i Sør-Odal, i ei nordvend krå mot ein myrlendt dal unna sola, sml. sørsam. *båastah-*, *båastoeh-* "rang-". Der var neppe triveleg.

Pukerud er ein gard i Trøgstad (Øf.), i Hol og på Ringerike (Bu.), sml. Pukstad andre stader. Namnetolkingar baserte på *púki* "Smaadjævel", "Nisse, Spøgelse" og "Pengepuger" er morosame, litt meir jordnært verkar Puke- = sørleg sørsam. *buvkie* "bygg" (kornslag), også kjent i varianten *byvgie*, i Snåsa *biggie* (Has.)

Puterud i Åsnes ligg litt nord for Damhaugen ved osen av Bakåa, i Baksjøen i Åsnes (Hm.) Ein annan stad i Åsnes renn elva Kynna parallelt med Sævsjøen, skild frå denne av den skogkledde, langsmale morenen **Puterudsloen**, til elva utvidar seg og blir til dammen Breifløyta (NO 2: 60, *fløyt* f. 2). Tinn i T. har ei elv **Baute** som fell ut i Skirva og er særmerkt ved at åfaret på eit par stader er nesten stengt av urd: Det får elva til å demme seg dess meir opp andre stader.

Merk sørsam. *buodú* (Herjedalen), nordlegare *puotú* ,

buoddu "demning (vanl. av torv)", meir allm. "damm, vattenspärr; stängsel", både laksestengsel og leie-gjerde for rein osv. (oslo 27, 31, 167). Då er både Pute og Baute-norsktilpassa uttaleformer: overgangen sam. *uo* > no. *au* er vanleg nok, som før nemnt.

Påverud heiter gardar i Asker og i Nes, Hallingdal. I Høland har dei **Påvestad**.

Rådande syn er at gno. *páfi* "pave" brukt som tilnamn el. utnamn ligg til grunn! Varsamt sagt er sørsam. *bávva* "bu; sæterbu" eit hakk mindre – spektakulært.

Raknerud *raknerul*, gardsnamn frå Trøgstad, er også kjent frå Vestby, Gran og Ringsaker. Ingen av dei gamle skriveformene avvik stort frå vår tids uttale. Om Rakneberg i Fjaler seier Rygh: «Forøvrigt kjendes Rakni fra det gamle Skaldesprog som et af dets Navne paa Søkonger; men dette er ialfald uanvendeligt ved Navnene paa *-rud*. Maaske har Rakni engang været Mandsnavn; men andet Spor dertil end Skaldesprogets Rakni synes ikke at findes» (NG 12: 277).

Tja, sørsam. *raakngoe*, *raaknga* står for «plassen nede langs teltveggen (utvendig eller også innvendig)», med andre rettskrivingar *raaghuo*, «besondere Wand aus Torf, Stein, Birkenrinde oder Baumästen, die ringsum das Zelt neben der Zeltwand gemacht wird», òg i torvgamme (Hasselbrink 1050) el. *rákñú* «nedersta delen av en kåta», frå urnord. *wranhu, jfr norr. *rá f* (oslo 172). Vi kjenner termen att i namnet **Ragnevaerie** (Ragnoberget),

Storuman. Vart så Raknerud-gardane til ved nyrydjing på samiske telt- eller gammetufter?

Ramsrud heiter eit halvt dusin gardar i Buskerud og Oppland, alle med utprega kupert terreng. Ikkje noko skulle tilseie anna forklaring her enn når det gjeld t.d. Ramsvika og Ramsa o.l. i nord, nemleg nordsam. *ram'šo* (også *ram'ško*) "svært ujevnt terreng med humper og fordypninger" (Qv 695, 696). Det er òg relevant for namnet **Ramstad** dei fleste stader, ser det ut til.

Rikansrud |*rīkansrul* Ål i Hallingdal ligg nedom - vest for Rikansrudkamben: Rikans- kunne vere **Ri?*+*kamb-s+ás-*, men kambr tar ikkje genitivs s. Det blir ugreitt når vi slett ikkje ser teikn til *-kam-* i dei tre skriveformene *Rigensrud* frå 1617, 1647, 1657. Side om side med Rikansrud ligg **Gåsterud**, der det nedover fjellsida går djupe renner eller troer (trør). Også nedover Rikansrudkamben går det eit par slike, så vi bør hugse sørsam. *raejkie*, som både tyder hol, opning og "dalføre" (Qv 690), jf. *raejkene* adj. (predikativt) "holut, hullet", og *raajkanidh* v., lulesam. *rái'gánit* få hol, el. få hol på.

Formene på Rigens- går godt i hop med **Raejken-ås* (evt. sørsam. *-aesie*). Det er tenkeleg at det renn kaldluft i rennene nedover fjellsida, så Gåsterud-namnet kan kome frå sørleg sørsam. *goestedh* "kaldver; iskald vind langs bakken". I så måte er også fjellnamnet **Gostander** i Nome interessant.

Rokkerud |"rokkeru| i Våler (Østfold) ligg på austsida av ein djupt nedskoren bekkedal. Sørsam. *ruhtjie* "trong og djup dal" høver godt, men uttalen har vel tatt farge av at namnet er blitt assosiert med *rukka* f. "rynke", sjå Rukkerud.

Rubberød i Nøtterøy (Færder) ligg mellom ein åsrygg og ein lågare langvoren berghaug, og terrengordet *rubb* m er kjent mange stader: Rubben i Audnedal er (toppen av) ein skrånande lang fjellkant, Rubben i Eigersund heiter ei rad snaue knausar med bein kant mot søraust. Rubben i Åmot er oppfatta som namn på ei myr, men namnet kjem nok av dei uslette rabbane attmed. Det er likevel nordafjells at termen *rubb* er best kjend, då om langsmale, snaue fjell- og åsryggar og lågare åsformasjonar med skog. Snålt er at Norsk Ordbok ikkje nemner termen *rubb* i det heile, berre vestlandsk *robb*, som elles har så nokolunde same tyding. Uttaleforma *røbb* frå Bindal er for så vidt ein mellomting.

Sørleg sørsamisk *rovpe* (trong o) er "lang ås eller låg haug med ris, busker, einer", òg skrive *ruvbe* "Niederung im Hochgebirge", "niedriger Hügel mit Reisisig, Gestrüpp, Wacholder u. dgl. bewachsen", "langer Bergrücken" (Has. III: 1094).

Frå Herjedalen o.fl. st. også i former som *ruuhpë*, *ruupë*, *ruupwë* (oslo 184), frå Sorsele *ruhpa* "fjellgrygg" (Qv 740). Rùbba var dessutan malå-samisk namn på Finliden? (Schlachter 110). Av *rovpe*, *ruvbe* kjem adj. *rovperge* (*ruvberge*): fullt av lange bergryggar (åsar). **Rubbestad** i Bømlo er kupert og oppfylt av knollar, Rubbestad ved

Solbergfjorden i Lenvik har derimot lange fjell- og åsryggar. Dei namna oppfattar vi unekteleg som heilnorske.

Det er altså diskutabelt om rubb er ein samisk eller norsk term, men interessant er å samanlikne det langvokaliske *ruu(h)pe* med sørlege stadnamn **Rubedalen** i Kvinesdal og to stader i Flekkefjord, og med **Rubehei** i Songdalen: På alle dei stadene er det lange fjell- og åsryggar, heilt eller delvis snaue.

Rukkerud |"*rukkeru*| er ein gard på Vestre Toten: "maaske af *Rukka* f., Rynke, Fold, efter Ujevnheder i Terrainet", seier NG, men det passar ikkje godt, korkje m.o.t. uttale eller terreng. Garden ligg snarare på nordenden av ein lang åsrygg, så ei "heimhenta" men misforstått form av sørsam. *rudtje* "rygg" er sannsynleg. Dvs. *rudtje* er blitt oppfatta som "rukkje" og såleis normalisert til rukke f.

Runterud i Lier ligg i eit terreng der det er fullt av rabbar i alle retningar, sml. sørsam. *runhtjie* "innbuktning (i landskapet)", men primært skrukk, fold; rynke (ved saum).

Sakserud er gardar i Stange og Åsnes; namnet inngår også i **Sakserudbråten** i Asker. Kartsøk viser at det finst ei rad lokalitetar med same forledd: Sakshaug i Stjørdal og Ullensvang og Sakshaugen i Lyngen, på Røros Sakshaugen og Saksmyra. Også Sakseskardet i Fjaler og Saksåsen i Marker må nemnast. Alle desse stadene er brattlendte, som også **Såksmyra** i Åmot på Hedmark. Sørleg sørsam. *tsåågkes* "bratt" i lett samandregen form (*t*)*såks* er blitt assosiert med gno. *sqx* n pl "sòks = saks" (å klippe med).

Det høyrer med at det er ganske så brattlendt på **Saksegård(en)**, eit namn kjent fleire stader frå Røros i nord til Fredrikstad i sør.

Litt annleis har det seg med innsjønamnet **Sakseren** i Skien (-ere = jaevrie), og med **Saxvattnet** i Strömsund i Jemtland, begge med talrike oddar og "innstikk":

Her svarar sørsam. *tsagkedh* "pakke (i)" til lulesam. *cákket*, ikkje berre "sticka, stoppa (in i)", men òg intransitivt:

"sträcka sig, sticka fram till" (om fjell, odde) og *cákkedis-*adj "som sträcker sig långt ut el. bort" (Korhonen).

Alternativet er i andre tilfelle *tsagkedh* i tydinga "stoppe, forhindre" (is-hinder), noko som i flg. Mankok kanskje er opphavet til svenske namn som Sakkese og Sakksea.

Sevaldrud |"*sevalru*| heiter ein gard i Brandbu, Gran, jf. **Sevaldsrud** Konnerud i Drammen. NG er viss på at namn som desse (og fleire andre) heng i hop med mannsnamnet *Sigvaldr*, særleg i gen. Sigvalds, eller også i sideforma Sigvaldi.

Her finst det innvendingar nok: Sevaldsrud i Drammen ligg der Verkenselva og Dalabekken møtest og utvidar seg til stille far (før Svensedammen nedanfor). - Sevaldrud i Gran rekk heilt frå Sevaldrudenga i nord til Sevaldrudbakken i sør, og den store halvøya mellom Velmunden og Lemandsfjorden og Saltbufjorden heiter **Sevaldrudholmen** og har sund og smothol i alle leier, så personnamnet Sigvald blant slike alderdommelege stadnamn verkar som eit framandelement.

Andre namn peikar i same lei: Sevals i Modum ligg ved ein smal arm (bekkeos) i Bergsjøen. Seval i Vardal (Gjøvik) ligg nær Sevalelva i skil mot Søndre Land, der ho renn som stillast (Tjennsmyra). Sevalvollen i Os (Hedmark) ligg nær ein utvida del av elva Nøra. Likeins ligg garden Sevalstad i Evanger (Voss) ved ein utvida og still del av Teigdalselvi. Fleire døme kunne dragast fram.

Det folk i nord ofte kallar ei *stillelv* svarar nærmast til nordsam. *savvan*, *savvon* el. *savu*, på sørsam. *sovvene* med eit utal former: *sawwεnε*, *su(w)ane* (*suovane*), *suwwanä*, *suwwonε*, *suvvon*, *suwwenε* (Qv 761). Endå fleire former oppstår ved stavingsbortfall og samandraging. Illustrerande er at vi frå Arjeplog kjenner fire ulike variantar: *savōu*, *savvun*, *sivvun*, *sevvun*. Liksom gno. *himinn* og *jotunn* er blitt til nyno. *himmel* og *jøtul*, vart *savvane*, *suovane*, *savvun* og *sivvun* i norsk tale omskapt til *saval*, *sauval*, *seval*, *sævil*, *sevill*, *suval*, *såval*.

Sinkerud heiter ein gard i Eidvoll. Det er òg områdenamn i Aurskog og Sarpsborg. Tydinga er usikker (Rud-leks. 633), og unemnt så langt er sørsam. *siknge* "bærlyng om vinteren", jf. *siknges* "tidleg snøberr og tørr" (lyngbakke, ris o.l.), likeins *sikngedh* "bli fri for snø og tørke i vinden", t.d. når du grev ved fram frå snøen. Kva som høver best, veit lokalkjente. Det samiske lydsambandet *-kŋ-* er sjølvstøtt blitt omkasta til *-ŋk-* i norsk. I lys av det same ordet kunne historiske former av namna Sengsdal,

Singesdal og Singsås la seg tolke på fleire måtar.

Skjelmerud ligg på grensen mellom Ullensaker og Sørumsdal, i vasskilet, på same måte som **Skjelmarhaugen** (-are- <-vaerie-) i skilet mellom Granvik og Ulvik, og **Skjelmhaug** i skil mellom Eidfjord og Ullensvang. Namna kjem av sørsam. *seälma* (var. tseälma) "tröskel", men òg "vattendelare" (Mankok), dss. lulesam. *sjiel'ma* "tröskel" og "låg ås som går tvärsför ett bergs fotutsprång", "vattendelare (särskilt högsta punkten uppe i en dalgång)". Brukt i heilt lokal tyding ser vi dette siste i Skjelmedalen i Flekkefjord, så vel som tett ved **Skjelmerud** i Grue.

Skjeggerud og **Skjeggerød** er eit utbreidd gards- og buplassnamn. Tradisjonell tolking går på mannsnamnet Skeggi, men topografisk sannemnar for alle er at lendet har eit utstikk el. "hjørne" av noko slag: Meir truverdige er sørsam. *tjehke* "vrå, hörn" (Mankok), lulesam. *tjehka* og nordsam. *čiehka* "hjørne, krok, kant". Det rimar både for Skjeggerød i Andebu og Re og den gl. buplassen Skjeggerud ved Sognsvann i Oslo. - Skjeggerud i Hurdal ligg nær eit framstikk med namnet Soverhaugen: jf. sørsam. *såafa, såafoe* "lysning i bjørkeskog" m.m.

Smedsrud og **Smedsrød** er gardsnamn ca. 20 stader kring heile Austlandet, og standardforklaringa er at Smeds- kjem av gno. *Smiðr* (smed), som mannsnamn, men det er statistisk urimeleg: Dess oftare eit forledd er brukt, dess meir truleg er at det har ei allment kjent topografisk tyding,

at det ikkje er individ-relatert.

Alle stadene er særskilte; unntak kan hende Smedsrød i Idd, Halden og evt. det no nedbygde Smedsrød (Smidsrød) i Nøtterøy. Det fører tankane til lulesam.

sjmilltje (Spiik) = *šmil'že* "oländig terräng (gropar, tuvor, stenhölster etc)" (Korhonen), sml. nordsam. *smilči* s. stykke av vinterveg (oftast langs bakke) der det hallar, så slede el. pulk lett kan gli ut (LÖ 422, Qv 792, oslo 196). Svært kupert er t.d. fjellet **Smiltsivaara** (sam.+finsk) i Nordreisa.

Fremst i ein konsonanthop fell *l* lett bort, t.d. Snapsrød < *Snáldsrud (j Snalsrudj, j Snaalzrudj 1400), likeins Hekne og Heknebakk < *Helkne(-), og i Fosen < *Fólgsn (sjå NoStl.) Vi har visst same bortfallet i Smeds- <Smids- < Smilts-.

Smikkerud i Ringsaker viser liknande overgang *smiltje*- > smikkje- > smikke-, men skriveforma *j Smikadzrudi* år 1400 for **Smøkkerød** i Eidanger, Porsgrunn peikar snarare mot ei form lik lule- og nordsam. *smilžás* = *smilččas* adj.

I ei særstilling står Sneisrud i Eidsvoll, der gamle skriveformer tydeleg peikar i anna lei: Smidtzrudt, *Smilsrudt* 1391 (avskrift 1622), Smedzrud 1514, Smesrud 1560, Smedtzrudt 1593. Garden er ganske kupert, ikkje myrlendt, sjå seinare.

Smerkerud | "*smærk(e)rul* i Eidsberg er skrive y

Smerkerudh år 1556. Særmerkt er at fire-fem smådalar eller renner når heilt inn mot gardsområdet frå nordaust. Sørleg sørsam. *smarkadidh* eller *smarkadalledh* tyder: finne seg eit smotthol el. smette ut gjennom hol i gjerdet (om reinkalvar især).

Snesrud i Marker ligg ved den forsumpa Gjølssjøen; ved den store Snesbølmyra ligg **Snesbøl** i Eidskog. **Sneisrud** under Eidsberg prestegard saknar kartfesting. Førsteleddet Snes- svarar til sørsam. *snaajsebluövie*, *sjnaajsebluövie* sumpmyr, ufarande myr (Has.) Namnebruken andre stader er overtydande, t.d. **Sneisemyr** i Audnedal og **Sneisemyrene** i Aurskog-Høland, og Sneisebakken i Songdalen,

Skjeret Sneisa i Jørnfjorden i Bø. Foto Jarle Odvar Johnsen.

Sneisbu i Drangedal, Sneiseli i Tinn og Sneisungdalen på Ringerike. Men også usms. *snaajse* > Sneis, Sneisa er kjent frå gard- og områdenamn som Sneis i Ås og Sneisa i Osen (Tr.) og i Lødingen. Området Sneisa i Bø i N. ligg ved sumpen Sneistjønna. - Frå Strand i Rogaland kan nemnast Sneisaråsen: -ar- < -vaerie-: fjell? Iblant glir namna over til nabolokalitetar (denotasjonsendring), t.d. Sneisa og Sneisebekken i skilet Lier-Modum og området Sneisa i Bygland og Valle.

Nokre Sneis-namn har ei heilt anna tyding, nemleg *sneis* f. om bundingsstikke, strikkepinne, men også *stakksneis* = høystakkstong, stake i midten av høystakk (Setesdal), i neste omgang om heile stakken. Dette passar både for blikkfanget Lurusneisa (sørsam. Tjohkele) i skilet Lierne - Snåsa og for skjeret Sneisa i Bø.

- Sneisrud i Eidsvoll må derimot vere eit omforma namn, sjå under Smedsrud.

Soksrud |*såksrul* i Fet blir tradisjonelt skrive **Sofs-** i samsvar med skriveforma Soffbrudt 1575, Soffsrud 1647, Sofsrud 1666. Her har helst skjedd fordansking av typen "lave, vove" for lage, våge: Soxrud 1578 ser meir uttalerett ut. Garden ligg på ein smal og noko bratt rygg, oppe på eit platå som er bråbratt i nord og aust. Sml. sørleg sørsam. *tsåågkes*: "bratt".

Solerud |*sole-l*, |*solørul* er ein gard i Aremark, og Stange har **Sålerud** |*så:tul*; nemnast kan også ein gammel buplass Sålerud i Hurdal. Garden i Aremark snur mot Solerudtjern og den langt større myra Solerudmosen, som i nord går over i Ledengtjern. I kanten av begge er fleire "øyar" og "holmar" frå ei tid då der var eit samanhengande vatn. Rimelegvis står Sole- for *sååle*, *soole* (Has.) "holme, ö; även: t.ex. ett isolerat parti fastare mark i en myr" (oslo 213). Såleis også for Sålerud i Stange, som ligg på ei "halvøy" mellom to bekkegreiner: Den største bekken heiter Fjetrebekken, jf. **Fjetterstad** i Steigen, begge til

sørsam. *viēdtere* elvemel, bratt skråning mot elv, uthola elvebard, = *viētterē* (oslo 247).

Både i Vågan, Tana og Nesseby-Vadsø er **Suolovárri** namn på øyliknande, dvs. frittliggende (isolerte) fjell. Det svarar til sørsamisk: *såalahvaerie*. Mest truleg har det avsidesliggende Sålerud i Hurdal fått sitt namn av liknande årsak.

Sonerud /"sōnərul i Hole (Busk.) har tett vest for seg ei oppgrynt og gjengrodd stor elvesløyfe, Lamyra (natureservat), og tett nordom denne att ligg Juveren, ei elvesløyfe med ope vatn, men med så trong opning ut til Storelva at det mest er tale om eit vatn for seg: **Juveren** < sørsam. *njuvvie* "straum" + *-ere* (= -jævrie). Elles er det ei stor elvesløyfe på hi sida Storelva au. - Sone- er samandraging av *sovvone*: stillelvparti, jf. meandrane i hovudelva og rundt om. Dei eldste skriveformene er Sonerud 1647 og Sonnerud 1657. Innsjøen **Soneren** i Sigdal har òg stillelv-parti i innfallsosen (Storelva) og utfallsosen, pluss Sundet midt på.

Sormerud /"sørme-| og Sormestad i Elverum ligg ved **Sørma** /"sørma|, skilelva mellom Elverum og Våler. Nærast Sørmerud utvidar elva seg sterkt, men "knip" igjen idet ho fell ut i Glomma. Sørma i Åsnes ter seg på liknande vis der ho fell ut i Flisa, men ikkje med fullt så slående kontrast. Jf nordsam. *currbmi* ting med liten opning (t.d. ei skreppe),

ein med samanknept munn, og *tsur'pme*, *tjur'me* i andre stadnamn (oslo 230, 236). Namnet Sormsvika i Frysjøen i Grue er likeins å forstå, etter kva kartet viser.

Soterud |*sōtəru*| er gards- og buplassnamn fleire stader i Buskerud, dessutan i Bø i T. og i Rakkestad (Østfold), og det historiske **Sotarudh** (Rud-leks.700) låg "jn thil Ssotervdz myr" (Soterudmyr i Øvre Eiker). Gardane har topografisk sett lite sams, så den enklaste namnetydinga har vi nok i sørsam. *soedtedh* v. kviste (tre); rydde, kviste av (greiner) eller hogge ned (tre) for å bane veg.

Spakrud |*spākro*| er ei gard i Vågå. I Lillehammer heiter eit bruk Spakerud, då med usikker binding til Spakrudmyra i same kommunen. Eit ukjent **Spakarud** i Aurskog er nemnt år 1400. No er Vågå sin uttale *-ro* for *-ru(d)* utbreidd i Nord-Gudbrandsdalen, men kva med norde og søre Spakroi som namn på vikar i innsjøen Tesse i Lom? Ei kvardagsleg forklaring på namn som desse er at spon og flis etter tømmer- og vedhogging heiter *spaahka* el. *spaahkoe* på sørsamisk, jf. Soterud. Det gjeld også for Spakåsen i Åseral og Spaksliane i Lillesand, dertil Spakmo i Fosen. I Rissa ligg Spakmo og Granmo side om side ved elva Skauga.

Spikkerud er gardar i Røyken, Lillehammer og Hamar. Spikkeland, Spikkelia og Spikkestad er gards- og bruksnamn andre stader. Spikke- er fleirtydig, men topografisk mest relevant blir nok eit sørsamisk motstykke til nordsam. *spičča* "en egn med småskog" (Qv 806) lik

spihtja (oslo 208).

Strammerud er ein gard i Furnes, Ringsaker. Det minner mest om **Strammen** (nedre og øvre) som namn på fjellteigar i Salangen, og det at ein liknande teig (dvs. med grissen skog) i Kristiansand ber det merkelege namnet **Strammest !** - Strammen synest vere endefram fornorsking av *stramhpa* = *stråhpoe* "busk, kjerr", dertil *stromhpestahke* busk- eller kjerrbeltet nedanfor snaufjellet (Bergsl. gramm. 108), jf. òg *strumpesteh* (strump'sth) i same tyding (Has. III 1255), vel = *strumpeth* (Qv 818 etter Lagercrantz, frå Vefsn). Har ei tilsvarande avleiing til *stramhpa* gitt **stramhpestahke*, **stramhpesteh* > **Strammest** i Kristiansand?

To stader i myrane i Bjørnskinn finst **Stumpesteinra**, tidlegare med krattskog. Der er visst eit opphavleg **strumhpesteh-ra(d)* blitt omtolka, også på det vis at *str-sth* er blitt forenkla til *st-st*. Der er iallfall ingen steinar å stumpe = snåve i.

Strekerud |"*strækæru*| heiter ein gard i Rakkestad: "Intet beslægtet Gaardnavn kjendes", fortel NG. Garden ligg nokså høgt og fritt, så sørsam. *streehkedh* båse bort, ræse av (om snø) passar sannsynlegvis godt.

Sulerud |"*sūtæru*| ligg i utkant av Eidsberg (Øf.), i skilet mot Askim. På begge sider av garden er bekkar, dessutan ei tjønn i overgangen til gnr. 16 Hjelmærk. Namnet blir tidlegast skriva j Suflurudi, j Suflorudi 1400, j Suflærudi 1409 og Suflorudh 1418. Noko elvenavn *Sufla kjenner ein

ikkje, derimot finst det eit sørsam. *suevlie* = *såevlie* issørpe, og adj. *såevlies* dekt med issørpe. - Merk det forsvunne Suflærud i Undrumsdal sokn i Våle (Vf.) nemnt år 1400, vel identisk med dagens Solerød, der austre kanten av gardsvaldet fell av mot ein bekk som akkurat på høgde med garden breier seg godt utover.

Sulerud | "*sūtrul* heiter óg gardar i Enebakk og i Sørurum; sistnemnde blir også kalla | "*sūtul*, ganske likt eit gardsnamn i Askim, som blir uttalt både "*sūtul* og | "*sutul* og er blitt skrive **Sulu** heilt frå 1805, beint fram, men visstnok Solerud 1552 (Rud-leks. 732f). Merkeleg er at garden i Råde blir kalla *j Solurudj* 1400, men *Sallerudt* 1578, mot Sølrud 1579, etter den tid enten Solle- eller Sulle-. Eit notat for garden i Sørurum år 1400 lyder af Sullarudhi. Garden i Enebakk dukkar først opp i 1578 som Sullerudt. - **Svalerød** i Halden syner for sin del ein stødige skrivetradisjon med Suale-, Sualle- frå 1500-talet av. Kva er samnemnaren?

Sams for alle gardane er at dei ligg litt isolerte. Sulerud i Sørurum er utkantgard mot Ullensaker, Sulerud i Råde mot det noverande Sarpsborg like eins, og der er eit sprang i gnr.-rekka også i Askim - like eins for Svalerød i Berg, Halden, som litt overraskande visst også bør reknast med til "flokken".

Gardane ligg som nemnt litt isolerte, det passar med sørsam. *sualah* = *såaloeh*, slik ordet blir brukt i sms. som *såalah-bahke* = *såaloeh-bahke* einsam bakke og *såalah-*

vaerie einsamt fjell (= *sååle-vaerie* 'øyfjell'). Tydelegvis er dette sørsam. *sualah* = *såaloeh* seinare blitt assosiert med fuglenamnet svale, som finst i austnorske former svålo, svåla, sulu og svulu, svøle, svølo, svølu, gno. *svala*.

Suterud |'süterul, |'süt(e)rul er gardsnamn fl. st. på Hedmark og Buskerud. Den tradisjonelle tolkinga viser til gno. *sütari*, dvs. skomakar (og garvar), lat. *sutor*, men stadnamn på Sutar- og Suter- er så talrike at tolkinga strir mot det statistisk sannsynlege for yrkesrelaterte gardsnamn, sml. omtalen av Smedsrud o.l.

Sutaren er eit skjer i Leirfjord, ved Leinesodden der bakken fell av mot djupare vatn i vest og djupål i sør; nokså likt det ved Sutterøya i Stjørdal. **Sutterneset** i Lurøy er brådjupt på begge sider, og innafor er det ei djup fjordhole. Suttevik i Farsund ligg ved Suttevikpollen, der bakken hallar mot djupare vatn i nord. Bør vidare nemne garden Søttaren i Vefsn, som ligg i kanten av ei djup fjordhole, og skjeret Søttaren på Austbø i Alstahaug som markerer djupt vatn tett austafør. Vi kan halde fram med fjellet Sutaren ved Øyfjord i Lenvik, på høgde med ei djup fjordhole i aust, og vågen Sutaren i Lindås på austsida av ei liknande fjordhole. Skjeret **Suteren** i Nesodden markerer ein liten djupål pluss djuphola Båsen i sør (ankerplass). Lokaliteten Suteren to stader ved Glomma (Rakkestad, Sarpsborg) har - som vi no forstår - ganske sikkert også med ei endring i djupna å gjere.

Sørsam. *sudtie* er i utgangspunkt eit anatomisk ord: tinninggrop, det tynnaste i tinningen, men tyder òg råk (i

is); opning i tynn is (om våren) der elva fell ut i ope vatn, vøk, vøkhol. Samiske namn på *-are* og *-ere* står m.a. for jævri, jaevrie, men kan ved "saumlaus overgang" ha blitt eit meir allment suffiks i norsk.

Det finst mange namn frå landsida på Sute- og Sutte- som tydelegvis har med ufrosne myrar og opne bekkar å gjere, slik som på Suterud i Vang (Hamar) og i Øvre Eiker, så vel som Suterudmyrene i Eiker. Suterud i Sand (Nord-Odal) ligg ved skilelva mot Sør-Odal, som står i direkte samband med Stormyra, noko likt Suterød i Skjeberg (Sarpsborg), som vel eingong hadde nært samband med det no meir tørrlagde Stordiket i nord. - Også Sutestad i Evje og Hornnes er kringsett av myrar med opne bekkar.

Svangerud |"*svanjaru*| i Eidsvoll (med bruka Svangerudlia og *-enga*) ligg i aust og sør av den våte Sundbymyra, og omkring er grumsute tjønner og gjørmehol. Truleg er det tale om sørsam. *såanhgkedh* slam, også i sms. *såanghkedhbetnie* slambotn: Just så er det i Hallingdalselva ved Svang i Nes, likeins i Svangtjern i same kommune, og i utmarkområdet Svang i Hemsedal så vel som i Svangan på Høylandet og i Svangskardet i Hjartdal. - Svang i Lier ligg ikkje langt unna det grumsute Svangstrand; på Voss er det våtmyr på begge sider av bruket Svanga.

Fornorska kortform Svang kan ta genitivs s: **Svangstjøna** = Svánjgajávrrer ved svenskegrensen i Rana er slamfylt, særleg på svensk side. No vil Svangs- lett få uttalereduksjon til *Svans-* og bli forveksla med *svans* = hale; på hi sida finst det einskilde namn på Svang- der ein

må undrast om det er tenkt på det kroppslege *svange* (norsk) "innsving, avsmalking", ikkje så ulikt "hals" brukt om terreng.

Søfferud |"sefru|, |"søfru| NG, |"søfferu| i Hov på Søndre Land (Oppland) ligg på vestsida Randsfjorden. Gamle skriveformer er Sewesrudt 1529, Seffuerudt 1578, Siffirud 1592, Syffuerud 1595, Seffuerud 1604, Sifferudt 1647, Siffuerud 1669, Sifferud 1723, Sefferud 1886 og Søfferud 1904. Oppover åsen frå garden og nordover går ein gammal stig (ein nyare skogsveg svingar seg oppover åsen litt lenger sør). Dette minner om sørsam. *sivved* = *suvved* v. gro att (m.a. om stig som blir lite nytta), også kjent i ei sørleg form *sovvehtjid*.

Sømmerud |"sømmeru| i Brandval (i Kongsvinger) er eit problematisk gardsnamn pga. dei eldste formene: *j Somarudi* 1400, *Summerud* 1647 og *Sørmerud* [forveksla form] 1667, *Sømmerud* 1886. Garden ligg på austsida av den digre Dalermyra, men viktigare er det visst at det fører talrike farvegar (stigar) i alle leier frå garden, deriblant kanskje også over myra i sør. Det har samanliknande interesse at vi for gardsnamnet **Soma** |"sōma| i Sandnes kjenner skriveformene *de Soma* 1298 (latin), a *Soma* 1329, i 1500-åra *Some*, *Swmmæ*, *Somme*, vidare *Soeme* 1606, *Soume* 1610 osv. Gardsnamnet **Sømme** |"sømme| i Sola er skrive *Sæme* ca. 1270 (dvs. *Søme*, ikkje *Sæme*).

På aust- og vestsida av Soma i Sandnes er diger myr, drenert av Soma-Bæreim-kanalen, men just ved Soma på sørsida og Bæreim på nordsida bit endane av to rabbar

nesten i hop. Der går veg over, og det må det ha vore gammal overgang (passasje). Soma heiter òg eit bruk under gnr 7 Forenes i Høyland, Sandnes, og her er det ein endå meir openberr overgang i myr, med gamle stigar til halvøya nordafor. - Situasjonen på **Sømme** i Sola er veldig lik den på det først omtalte Soma, med djup gammal myr på begge sider og to rabbar som nesten møtest.

Samnemnaren i namnetradisjonen desse tre stadene er det uforståelege **Soma**, som knapt kan vere anna enn *suolmäht* (La 7153, Vs.) Übergang, Pass (Qv 328, etter Lagercrantz, frå Vefsn), jfr. *suolme|h, -teh* (Has.). Lydsekvensen *suolma-* er overlang (dvs. diftong *uo* + kons.samband *lm*): Som i så mange andre tilfelle har *l* falle ut, og likeins endinga *-h(t)*, som norsktalande neppe oppfatta. Det er lite overraskande at *uo* i norsk enten vart til lang *o* eller også til *au* > \emptyset .

Nokre andre namn står oppunder resonnementet: Tjønnna **Somen** ligg akkurat i skilet (overgangen) mellom Etne og Kvinnherad. Innsjøen **Sommen** i Småland (ffran *Sooma* 1447) er veldig lang og burde vere eit hinder for ferdsle, men han har talrike oddar som nesten møtest. Slike "snarvegar" eller vegforkortingar må ha gjort kontakten mellom folk på begge sider av sjøen mykje enklare.

Inni Saltdalsfjorden i Nordland dukkar det merkelege namnet Saumann(s)vika opp, no **Somannvika** på karta. Frå vika kravlar utmarkveg oppetter fjellsida til Somannviksletta, og derifrå opp på høgaste kammen (mana), med forgreiningar sørover (til Soksenvika) og

innover fjellet på nordsida. Atter eit pass i terrenget.

Taskerud heiter gardar i Ringsaker (Hedm.) og Marker (Østf.). God klang har namnet ikkje, heller ikkje Taska som namn på holmar, skjer o.l. Taskerud er like vel meir intrikat, så det kan vere til hjelp å starte med Taskedalen i skil mellom Rauma og Norddal, Taskvatnet i skil ml. Indre Fosen og Verran, og Tasketjenn mellom Eidsvoll og Hurdal, visseleg laga til *tsahtsa* (= tjahtsa): "vattendelare i en dalgång" - eller "högsta punkten längst uppe i en dalgång, mellan två fjäll", "pasströskel" (oslo 221). Så òg Taskemåsan (ei myr) mellom Aurskog-Høland og Fet (A.hus), dessutan Taskebotnen i vasskilet på Tjønn- og Kjerringfjellet i Gulen, og sistpå det høgtliggande Taskvatnet i Åfjord (Trønd.).

I nordsamisk har bruken av det same *cahca* mange fasettar: eid mellom to vatn, fast mark mellom to myrar, tørr mark som lagar vasskil el. grynne over ei elv, is mellom to råker, og bakke i sjø som hallar mot djupare vatn på begge sider, etc. Dette siste kunne vere relevant for halvøya Taska i Vågsøy med det overflødde eidet Tasken innafor. Mellom bruka nordre og søndre **Tasken** i Råde (Østf.) går det derimot eit tydeleg lokalt vasskil. På den lange Taskebyhalvøya i Skjervøy skaper Brunfjellet - Taskebyfjellet eit nokså bratt bolkeskil mellom **Taskeby** på nordsida og vatna el. vassfaret på søraustsida. **Taskhamran** ved Soksenvikelva i Saltdal er meir som ein skilbolck med bekkar berre på eine sida. På Taskerud i Marker synest det vere slik at vasskilet (i vanleg tyding) går i låglendet nordom og vestafor garden. På Taskerud i Ringsaker er det

ei litt anna tyding av *tsahtsa* som høver: "ganske liten flat avsats i en bakke" (Qv 127).

No kan ein innvende at *tsahtsa* ved fornorsking og forenkling ikkje så lett burde bli *taska, heller *tassa: **Tasserud** i Tanum i Bærum har stor lende-likskap med Taskerud i Ringsaker, og det same gjeld for Tassebakke i Hobøl, Tassebakken i Marker, Tassebråten i Frogn og Tasseplass i Sande. - Kor som er, frå Jokkmokk er registrert ei avleiing til *tsahta*, *tsatsáhk* "låg fjell" (oslo 234), og her kunne det iallfall lett skje ei omkasting *tsatsk* -> *task*-.

Tokerud og i eit par tilfelle **Tokerød** er gardsnamn 10-12 stader på Austlandet, halvparten i Akershus. Karakteristisk er at alle ligg i utkantposisjon, oftast inn mot ei åsside: Tokerud i utkant av Oslo inntil ei åsside på Skedsmo-sida, Tokerud i Bærum inn mot Tanumsåsen i vest, osv. Då annleis med Tokerud i Sørumsund som ligg isolert frampå kanten av Glomma, liksom Tokerud i Gran på stranda i Randsfjorden.

Dette kan ikkje vere tilfeldig: "det som er attom" heiter på lulesam. *duohke* og på nordsam. *duohki*, det vil seie plassen attom, attersida osv. Merkeleg er også at eit gardsbruk i fjellfoten attom Feiringklinikken i Eidsvoll heiter Token, sml. *tuohk*-, *tuohke* (oslo 236). Meir gåtefullt er det jo at det er dei nordlege formene *duohki*, *duohke* som høver best, der er større lydleg avstand til sørsam. *duekie*.

Toskerud som namn på eit utmarkområde i Sandefjord er uforståeleg, like eins Toskedalen andre stader, Toskelva i

Tingvoll, Tosketjønn i Lund, Toskå i Åmli - for ikkje å nemne **Toskheim** i Lindås! Beste startpunkt for å oppnå forståing er dette at garden Toskje i Flesberg ligg tett ved **Toskjestryken** i Lågen: nordsam. *doažži* er "stilla, smult farvatn" (som adj. også *doaččes*), sml. sørsam. *dåedtjie* straumstilla, og *dåedtjies johke* stillelv (med litt straum). Frå Meråker er notert *tuoččiε* "ruhige Strombahn" (Lagercrantz). Alders folk i nord veit at torsk i b.f. *torsken* var sagt "tåsjen", dei vil lett fatte at den tid slik uttale var landsgyldig, kunne samanblanding skje. Toskerud ligg like ovanfor garden **Løke** (gno. *lækr*: bekk), og derifrå renn ei å ned til Storelva, men landskapet frå Løke og opp til Toskerud er tørrlagt pga. vegbygg, så kartet viser kun restar av åa i "startfasen".

Trosterud er eit påfallande utbreidd gardsnamn, på Austlandet, og tradisjonell tolking er at namnet kjem av gno. *brqstr* m "trost", vel brukt som mannsnamn. Like fullt viser ei nærmare gjennomgåing av namna noko som litt etter litt blir merkverdig: Trosterud på Vestre Toten (Oppland) ligg i skil ml. gnr. 22 og 134 og må ha vore ei viktig gl. grenseline. T. på Helgøya i Ringsaker (Hedm.) ligg tett på austsida av ein skarp rabb som er skil mellom gnr. 535 og 545, altså noko liknande. Ein gl. buplass med same namnet i Aurskog-Høland ligg på gnr. 168 i skilet mot gnr. 166. Så langt kan hende berre slump og lite interessant, men T. i Våler (Hedm.) ligg i skilet mot Åsnes, T. i Oslo ligg mot Lørenskog, T. i Sørumsund mot Ullensaker-grensen, T. i Ås i skilet mot Frogn, og til sist: T. i Rømskog ligg nærast

mot svenskegrensa.

Fuglenamnet lyder i nordsam. låneform *rásttis*, *-stá-*, i lulesam. *rástes*, *rásstá-*, medan sørsam. *raaste* er grense mellom rike og naboar, ulikt trost kalla *traasta*: "traste" for trost er jo kjent for ei mengd norsktalande. Det ser ut til at Troste- i gardsnamna er "oversettelse" av *raaste* = grense, eit ukjent ord lenger nord, men Rasteby i Storfjord ligg just i skilet mot Lyngen medan Rásttigáisá er skilmerke mellom Lebesby og Tana. Kva alt dette inneber, får historikarane finne ut av.

Tulkerud |"*tulkeru*| er eit nedlagt bruk i Hærland i Eidsberg (Østf.), og NG seier om namnet: "Kunde tænkes at have Sammenhæng med oldnorsk *tulkr* m., Tolk, og *tulka*, tolke, hvilket sidste Ord nu efter Ross bruges i Betydning: fare med onskabsfuldt Sladder (dog ikke anført i denne Betydning fra Østlandet). Navnet er neppe synderlig gammelt". For ordens skyld skal vi ta med at *tolk* heiter både *toelhke*, *doelhke*, *dåalhke* på sørsamisk, i lulesam. *dálkkå*, men i nordsam. *dulka*. Det gir likevel knapt noka hjelp i "tulkinga" av gardsnamnet.

Tulkerud ligg tett innved ein høg og ovsmal åsrygg aust for Lintotjern, dvs. ved Ørjevegen. Vest for Varuträskbukta i Hattfjelldal finn vi ein liknande formasjon **Tolkneset**, med Tolkåsen innafor; sekundærnamna Tolk-bekken, -vatnet, -moen sluttar seg til. Vidare kan nemnast **Dulkkavárri** i Olderfjorden i Porsanger, med eit jamsvalt berglag som går beint over fjellet i retning N-S.

Det er knapt tale om anna ord enn det som sørsamisk kallar *dyölehke*, *dyölhke*: kvar av dei to tjukke bjørkestammene som deler dørrommet (okse) frå sitje- og soveplassen - også: dørstokk i kåte (oksen *dyölehke*). Her kan visast til namnet

Dilkestad |"*dellsta*| Rana (før Hemnes), skrive af Dilkastadom AB, Diilckestad 1567, Dilckestad 1610 osv. Ytre Dilkestad ligg oppunder og i livd av ein massiv tømmerstokk-liknande bergkant som er utan namn på kartet. Det aktuelle ordet finst i eit utal variantar: d'ööleke, d'öö'l'ge, d'ooleke, d'ooluke, d'oolege, dyoleke (Has. I: 450), så korkje *dulke*, *dolke* eller *dylke*, *dilke* er til å bli overraska av.

Tuterud |"*tūteru*| heiter gardsbruk og plassar fleire stader i Buskerud, Oppland, Akershus og Østfold, dvs. i Øyer i Oppland lyder namnet Tut(t)rud. Forklaring basert på personnamn er prøvd, men "naturligst synes det dog at stille Tuterud sammen med de nedsættende Navne Graaterud og Suterud (jfr. den af Ross citerede Forbindelse *graat aa tut*)" ((NG 5: 439).

Veit ikkje om det hjelper stort på humøret! men det er likt til at alle lokalitetane ligg ved bekkar og elvar, nær nokså tronge passasjar som sannsynlegvis lett blir tiltepte av is og snø, jf. sørsam. *duvhtedh* v. "tette igjen".

Tykerud |"*týkæru*| er ein plass under gnr. 16 i Eidsberg (Østfold). Saktens kunne det vere tale om mannsnamnet Tyke (Rud-leks. 807), men garden ligg berre eit par hundre

meter ovanfor eit vassdrag med ei tjønn, så vi kan ikkje godt sjå bort frå tyke- < sørsam. *divvähkë*, duvvehke storlom, sml. **Divvähksuvvun**, tjern- og gardsnamn i Sorsele (oslo 220, 219). Eit sovvene (hå, lon, elveutviding) finst då også i nordvest av tjønna ved Tykerud, men på kartet er ho namnlaus.

Ubberud i Enebakk (Akershus) ligg ved den djupe vika Ubberudbogen, og frå botnen av denne skjer ein blautmyrkile seg inn (tett aust for garden), i fortida vel med ope vatn. Jf. gno. *hópr* m, finsk *vuopio*, vuopaja og sørsam. *vuohpäjä* (Hattfjelldal), likeins lulesam. *vuohppe* hop, bukt med smal opning og nordsam. *vuohppi* djup innskjerung i kanten av elv el. innsjø, skoltesam. *vueppi* (Qv 926). Forleddet *Ubbe-* har vi også i Ubekilen i Arendal og Ubergskilen(!) i Vegårshei, meir uvisst er om Ubbeskjær i Larvik, som ligg midt i ein vid bug, skal reknast med. Ein norrøn lydovergang *vuohpp-* > *ubb-* er tenkeleg nok (Iversens gramm. s. 61), meir utenkeleg for mange er det nok at namna har med samisk å gjere.

Usterud |"*ustru*| er gardsnamn i Holla, Skien, skrivne Østerød 1665 og under tvil tolka enten som *Øfstaruð el. *Ýztaruð (NG 7:170). Garden ligg oppunder fjell, rett nok, men meir karakteristisk er dei bratte bakkane dit opp, så like bra høver gno. *Ust- <sam. *vuost-*, *vust-* "motbakke-" (Qv 930). Likt i så måte er terrenget på gardane *Ustan* i Orkdal og *Ust(an)* på Leinstranda i Trondheim. Dette gjeld òg for terrenget ved elva *Ustekveikja* i Hol (kveikja < sørsam. *goejhke* "stryk").

Rikt på motbakkar er også terrenget på sørsida av *Fustvatnet* i Vefsn, som elva Fusta kjem ifrå: Der er nok uttalemåten Fust- for Vuost- meir samisk enn norsk.

Vatterud l'vatterul i Sørums (skrive Vattarud 1400, Watterud 1617) ligg vestom den lett avrunda Egneråsen og to-tre lågare, runde knollar. Namn på stader som liknar mykje er den låge og lett avrunda Vatterøya l'vatter- i Vågan, Vattarøya i Tysnes og Vattøya i Ulstein (norde halvdelen), dessutan åsen *Vadderen* i Evje og Hornnes. Dette minner alt i hop sterkt om sørleg sørsam. *vaadtere* "goldmark på en bergrygg" = *vaaddere* "sanft gewölbtes Hochplateau" (Has. III: 1388).

Anleis med **Vadråsen** i Audnedal (i skil mot Lyngdal) og det historiske **Vadrås** i Birkenes, som peikar mot *vaadraa*, *vaadruo*, variantar av *vaardaa*, *vaarduo* (Bergsland: *vaarta*, *vaartoe*) lågt og til dels skogkledd fjell, fjell som ligg for seg i skogen, skild frå høgfjellet (Has. III: 1399). Vadrås i Birkenes (= Nedre Kønntveit) vart skrive Waade Rou 1668, Waadrow 1670, Waadraa 1723 (NG 8:163): Som vi ser, stort nærare sørsam. *vaadruo* = *vaadraa* er det uråd å komme.

Dei ulike formene kan vere blanda litt i faktisk namnebruk, og meir innfløkt blir dette ved at eit sørsamiske ord for "brystvorte" hos menneske er *vaahtere* (Has.: *vaattere*, Lagercrantz: *váhtarä*), då også om knottar framme på

reinshorn.

Væraldrud ["væral(d)lrú] er gnr. 1 i Uvdal og ligg aller inst mot sætterregionen. Namnet er skriva Weraldsrud 1723, så det har vore sett i samband med mannsnamnet *Veraldr* med bortfall av genitivs s (NG 5: 443). Slik kunne det vel også vere, men vi bør merke oss at at sætra **Varaldset** ved Varaldsetvatnet i Hol har ein liknande posisjon, der terrenget fell av mot busetnaden inst i Ål.

Sørsam. *veäralde* (veärelde, veärulde) er lånt frå norr. *veröld* f. "verda, manneheimen" med dei tydingar ordet hadde der, med nokre meteorologiske i tillegg: himmelen, lufta, verlaget, vinden, tida osv. (Has. III: 1414f). For tilhaldsstader i fjellet kan vi både tenke på verlaget, høgda og utsynet, jf. Ryghs merknader om gardsnamnet Himmelstein i Buksnes (NG 16: 334). Frå lulesamisk hentar vi eit tilleggsaspekt, d.e. uttrykket *vuolleväräl'tin*: nede i kystlandet (Grundstr. 1478), oslo 254) eller låglandet, i motsetnad til fjellheimen, viddene. Legg merke til at både Væraldrud og Varaldset ligg i overgangen mellom desse to "sfærene".

Historisk namn på Varaldsjøen på riksgrensa er *Verald*, sml. Varaldskogen kalla "Veraldschoff" i 1617 (NoStl.) Sjøen er smal og veldig lang (12 km) og når inn i Sverige, så det er treffande nok at norr. *veröld* f vart nytta i den særlege tydinga "langa veröld": eit langt stykke. Eit slåande namn, ikkje minst når Varaldskogen på begge sider av grensa måtte reknast med. Dette forstod begge folka - lenge.

Avrunding

Alt i 2. årgang av Håløygminne er samar frå Beiarn nemnde med namn, i Leonhard Næss' stykke "Sumt om eit dalefolk", og seinare har det samiske vore med. I sør har det vore ganske annleis. Vel nok hadde der i god tid før 1920 vore ein slags urfolkdiskusjon, og i ettertid har der vore utgreiingar om namn på Finn-, Finne- og Finns- som trass i problematiseringar og mange atterhald klart fortel om samisk nærvere i sør. Derimot har det aldri vore problematisert at alle desse drøftingane krinsar om *ikkje*-samiske namn. Ei omlegging av vanetenkinga var iallfall å vente etter at arkeologane for ca. 40 år sidan tok til å flytte på grensene for historisk samisk nærvere i sør, men det er tvilsamt at noko slikt har skjedd.

Under opninga av Sametinget hausten 1997 sa kong Harald: "Den norske stat er grunnlagt på territoriet til to folk - nordmenn og samer ... I dag må vi beklage den urett den norske stat tidligere har påført det samiske folk gjennom en hard fornorskingspolitikk". Dette er dei harde fakta - ideelt sett burde registreringa av samiske språkminne i sør ha gått føre seg samtidig med at "Norske Gaardnavne" vart til, naturleg ville det iallfall ha vore at det skjedde samtidig med at Qvigstad arbeidde med same sak i nord, men det har vore eit ikkje-tema til no.

Fram til ca. 1980 rådde den oppfatning at samane i sør hadde flytta inn frå nord, til visse avgrensa strøk. Det var ein hypotese i konflikt med sørsamisk historietradisjon, likt fullt rekna for eit "faktum", derfor var det uventa å sjå kva

Eyvind Fjeld Halvorsen, sjølv norrønfilolog og namnekonsulent, skreiv i minneorda om Knut Bergsland ("Namn og Nemne" 1990): "For en utenforstående er det ikke lett å begripe at et nomadefolk ikke skulle ha kunnet ferdes i fjell og skog i Sør-Norge i middelalderen og enda eldre tid".

Den måten å tenke på har slett ikkje vore representativ for stadnamngranskinga i Sør-Noreg. Ikkje eingong Jurij Kusmenkos bok "Der samische Einfluss auf die skandinavischen Sprachen" (2008) har endra tenkemåten, så langt registrert, og der er ingen grunn til å tru at oversynet framfor vil gjere det heller! Like fullt kan det vere at yngre folk, som ikkje har gamle posisjonar å ta vare på, vil gå fordomsfritt inn på emnet samiske språkminne i sør. Spørsmål står i kø, men dei er det ikkje i første rekke den 81 år gamle artikkelforfattaren si sak å svare på, for her er det tale om grunnforskning som har vore forsømt i over hundre år.

Ein og annan filolog og teolog har skrive morosamt om nordnorske fornamn og oppkallingsskikkar, men det har det vore stilt om austnorske gards- og plassnamn som Dullerud, Fislerød, Fluerud, Lopperud, Luserud, Muserud, Pilterud - legg til Tokerud, Toskerud, Tullerud og Dengerud, Smikkerud, Gråterud, Suterud og Tuterud. For ikkje å tale om Gussrud og Tykerud, Liverud og Dauerud! Det kallar på ettertanke.

Litteratur:

- Bergsland, K. og Mattson Magga, L. 1993: Sydsamisk-norsk ordbok. Oslo-Kautokeino.
Collinder, B. 1964: Ordbok till Sveriges lappska ortnamn [fork. *oslo*]. Uppsala.
Friis, J. A. 1887: Ordbog over Det lappiske Sprog. Christiania.

- Genetz, A. 1891: Wörterbuch der Kola-lappischen Dialekte.
- Grundström, H. 1952-: Lulelappsk ordbok. Uppsala.
- Harsson, M. 2010: Leksikon over norske *rud*-namn frå mellomalderen. Oslo.
- Hasselbrink, G. 1981-: Südlappisches Wörterbuch. Uppsala.
- Hoel, K. 1994: Bustadnavn i Østfold. 1-. Hobøl. Oslo.
- Indrebø, G. 1928: Norske elvenamn. Namn och Bygd.
- Indrebø, G. 1951: Norsk Målsoga. Bergen.
- Iversen, R. 1961: Norrøn grammatikk. Oslo.
- Korhonen, O. 1979: Lulesamisk-svensk / svensk - lulesamisk ordbok. Uppsala.
- Kusmenko, J. 2008: "Der samische Einfluss auf die skandinavischen Sprachen". Berlin.
- Kåven, B. m.fl. 1995: Samisk-norsk ordbok. Karasjok.
- Lindahl, E. och Öhrling, J. 2016: Lexicon Lapponicum eller Lapsk Ordbok [fork. LÖ]. Skellefteå.
- Nilsson-Mankok, E. 1976: Svensk-sydsamisk ordlista Vilhelmina - Vefsen. Vilhelmina.
- Qvigstad, J. 1935: De lappiske stedsnavn i Troms fylke. Oslo.
- Qvigstad, J. 1938: De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker. Oslo.
- Qvigstad, J. 1944: De lappiske appellative stedsnavn. Oslo.
- Rogstad, K. G. 1980: Streif i sørsamenes saga. Trondheim.
- Sandnes, J. og Stemshaug, O. 1997: Norsk Stadnamnleksikon. 4. utgåva. Oslo.
- Schlachter, W. 1958: Wörterbuch des Waldlappendialekts von Malå und Texte zur Ethnographie. Helsinki.
